

# Sinnsjuk, psykotisk eller alvorleg sinnslidande?

Ei vurdering av reglane for utilreknelegheit ved  
psykisk sjukdom

Kandidatnummer: 63

Mengd ord: 13934



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

11.12.2017

# Innholdsliste

Innholdsliste .....	2
1 Innleiing .....	4
1.1 Bakgrunn .....	4
1.2 Føremål og overordna problemstilling .....	5
1.3 Avgrensing .....	5
1.4 Metode og rettskjeldebilete .....	6
1.5 Oppgåva si vidare oppbygging .....	7
2 Utgangspunkt for å vurdere reglar om utilreknelegheit .....	8
2.1 Val av vurderingsmoment .....	8
2.2 Treffsikkerheit .....	8
2.2.1 Utgangspunkt: strafferetten sitt omgrep om utilreknelegheit .....	8
2.2.2 Utilreknelegheit ved psykisk sjukdom .....	9
2.3 Rollefordeling .....	10
2.4 Førehandsvisse .....	11
2.5 Stigmatisering .....	11
2.6 Regelmodellar .....	12
3 Eit historisk perspektiv på utilreknelegreglane .....	14
3.1 Kriminalloven 1842 .....	14
3.2 Straffeloven 1902 og revisjon i 1929 .....	15
3.3 Revisjon i 1997 .....	16
4 Gjeldande rett: psykosevilkåret .....	17
4.1 Oversikt over regelen .....	17
4.2 Treffsikkerheit .....	20
4.3 Adekvat rollefordeling? .....	22
4.4 Førehandsvisse .....	25
4.5 Stigmatisering .....	26
5 NOU 2014: 10 .....	28
5.1 Oversikt over regelen .....	28
5.2 Treffsikkerheit .....	28
5.3 Adekvat rollefordeling? .....	29
5.4 Førehandsvisse .....	30

5.5	Stigmatisering.....	31
6	Prop. 154 L (2016–2017) .....	32
6.1	Oversikt over regelen .....	32
6.2	Treffsikkerheit.....	34
6.3	Adekvat rollefordeling?.....	38
6.4	Førehandsvisse .....	39
6.5	Stigmatisering.....	41
7	Avsluttande rettspolitisk diskusjon .....	42
8	Kjelde- og litteraturliste .....	45
8.1	Kjeldeliste.....	45
8.1.1	Lover .....	45
8.1.2	Førearbeid.....	45
8.1.3	Rettspraksis .....	46
8.2	Litteraturliste .....	47

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Avhandlinga skal ta for seg utforminga av regelen for utilreknelegheit<sup>1</sup> ved psykiske lidingar. Gjeldande regulering er å finne i straffeloven 2005 § 20 første ledd bokstav b, som seier at den som er «psykotisk» på handlingstidspunktet er utilrekneleg og fri frå straffansvar.<sup>2</sup> Denne regelen har lenge vore omstridd, særleg etter RG 2012 s. 1153 (22. juli-saka).

I diskusjonen er det framheva at gjeldande regel både er for vid og for snever. Regelen har vorte kritisert for å vere for vid ettersom den fritar psykotiske gjerningspersonar uansett korleis dei stilte seg til handlinga. Samtidig har den vorte kritisert for å vere for snever, då den medfører straff for alle dei med psykiske lidingar som ikkje er psykotiske. Det er vidare peika på at dei sakkunnige har for stor påverknad på domstolen si rettslege vurdering av om lovbrutar er tilrekneleg.<sup>3</sup> Endeleg er det hevda at termen «psykotisk» er egna til å stigmatisere visse grupper personar med psykiske lidingar.<sup>4</sup>

Som eit svar på diskusjonen etter 22. juli-saka vart Tilregnelighetsutvalget oppnemnt. Utvalet fekk mellom anna i oppgåve å vurdere korleis regelen for strafferettsleg utilreknelegheit bør utformast, noko som resulterte i NOU 2014: 10 «Skyldevne, sakkyndighet og samfunnsvern». Utvalet føreslo ein utilreknelegregel som held ved psykosevilkåret, men med ei presisering av dette. I tillegg vart det føreslått at òg tilstandar som er likestilte med psykose kan lede til frifinjing.

Justisdepartementet tok ikkje dette forslaget til følgje, resultatet i Prop. 154 L (2016–2017) «Endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv.» syner ei ganske anna utforming av utilreknelegregelen. Her vart det fremja forslag om å fjerne psykosevilkåret i sin heilskap. I staden vart det føreslått ein anna regel. Denne krev at lovbrutar må vere «utilregnelig» på grunn av ein «alvorlig sinnslidelse», og overlet stort rom for skjønn hos domstolen. Ved å gå vekk frå psykosevilkåret på denne måten bryt forslaget med ein lang tradisjon i norsk rett.

---

<sup>1</sup> «Utilreknelegheit» er ikkje brukt i nynorsk målform. Eg har likevel valt å bruke termen, då alternative omgrep med same meiningsinnhald ikkje er å finne.

<sup>2</sup> Lov 20. mai 2005 nr. 28 (strl. eller strl. 2005). Sjå vidare om strl.§ 20 sitt innhald i oppgåva pkt. 4.1.

<sup>3</sup> For diskusjonen om psykoseregelen sjå Linda Gröning, Erling Johannes Husabø og Jørn Jacobsen, *Frihet, forbrytelse og straff – en systematisk fremstilling av norsk strafferett*, Bergen 2016 s. 496–497.

<sup>4</sup> Mellom anna påpeiker fleire høyringsinstansar dette i Prop. 154 L (2016–2017) s. 66.

Heilt sidan innføringa av vilkåra «Galne og Afsindige» i kriminalloven 1842 har det som i dag er psykosevilkåret bygt på det «medisinske prinsipp» der utilreknelegheit vert definert åleine gjennom ein (medisinsk) tilstand.<sup>5</sup> Forslaget modifierer dette prinsippet i stor grad, og forlèt det kanskje heilt.

Med bakgrunn i lovgjevnad-prosessen som no er i gang, er det aktuelt å drøfte korleis utilreknelegregelen bør utformast. Det er spesielt viktig å ta stilling til kor gode dei ulike forslaga er, og vurdere dei opp mot gjeldande rett. Av denne grunn skal eg i oppgåva ta for meg reguleringa av regelen for ansvarsfriande utilreknelegheit ved psykisk lidning, med basis i både gjeldande rett, NOU-en og proposisjonen.

## 1.2 Føremål og overordna problemstilling

Føremålet med oppgåva er å vurdere reguleringa av utilreknelegheit ved psykiske lidningar, med særleg fokus på psykosevilkåret i gjeldande regel og forslag til lovending i NOU 2014: 10 og Prop. 154 L (2016–2017). Dette for å svare på oppgåva si overordna problemstilling, som er kva som er ei adekvat avgrensing av utilreknelegheit ved psykisk sjukdom, og særleg kva av regelkonstruksjonane som gjev ei slik avgrensing i størst grad.

Oppgåva si problemstilling krev delvis ei klarlegging av innhaldet i gjeldande rett og lovendringsforslaga, delvis ei nærare vurdering av desse.

Meir konkret skal reguleringa av utilreknelegheit verte vurdert i lys av fire omsyn som har vore sentrale i den rettslege og rettsvitenskaplege diskusjonen. Desse er regelens *treffsikkerheit*, om denne gjev uttrykk for ei *adekvat rollefordeling*, *førehandsvisse* og å *unngå stigmatisering*. Fordi omsyna er styrande for heile oppgåva, vil kapittel to utdjupe betydinga av desse.

## 1.3 Avgrensing

Drøftinga skal verte gjort med utgangspunkt i visse utvalte vurderingsmoment, som eg meina omhandlar grunnleggjande prinsipielle sider ved tematikken. Val av vurderingstema nødvendiggjer ei avgrensing mot ei djupare drøfting av visse aspekt. Dømesvis vil ikkje diskriminering i høve menneskerettar verte drøfta. Dette er ein tematikk som delvis reiser

---

<sup>5</sup> Lov angaaende Forbrydelser af 20de August 1842 (kriminalloven).

andre problemstillingar enn kva oppgåva tar sikte på, og som er eit tema for ei eiga oppgåve.<sup>6</sup> Vidare er oppgåva avgrensa til norsk litteratur, sjølv om eksempelvis stigmatisering òg er drøfta internasjonalt.<sup>7</sup> Med høve til rettspraksis vert det avgrensa til dei avgjersler som er relevante for klarlegging av gjeldande rett.

## 1.4 Metode og rettskjeldebilete

Oppgåva inneheld både skildrande og vurderande, eller rettspolitiske, metodologiske perspektiv. Innhaldet i gjeldande rett vil verte klarlagd gjennom rettsdogmatisk tolking,<sup>8</sup> og innhaldet i lovendringsforslaga vil skildrast. Med denne bakgrunn vert òg gjeldande rett og forslaga vurderte i lys av nokon grunnleggjande omsyn for utilreknelegreglar ved psykisk sjukdom.

Ved klarlegging av innhaldet i gjeldande rett vil primærgrunnlaget vere alminneleg lovtolking. Ordlyden i strl. § 20 første ledd bokstav b gjev få haldepunkt for tolking, følgjeleg vil førearbeid kring lovføresegna vere ein viktig bidragsytar. Av førearbeida til strl. 2005 går det fram at § 20 i sitt innhald er meint å vidareføre gjeldande rett etter straffeloven 1902 § 44.<sup>9</sup> Fråsegn om § 44 gjev dermed òg bidrag til forståelsen av § 20.

Det er få avgjerder frå Høgsterett kring tema. Berre HR-2017-745-U omhandlar strl. § 20 etter at straffeloven 2005 vart gjeldande (1. oktober 2015). Denne er knytt til sjølvforskyldt rus og fell utanfor oppgåva. Det er meir rettspraksis om strl. 1902 § 44, men òg her er det knapt. Høgsterettspraksis vil difor i lita grad bidra til klarlegging av gjeldande rett.

Juridisk teori vil bidra til lovtolkinga då innhaldet i gjeldande rett ikkje er heilt avklart i lovttekst, førearbeid og rettspraksis.

Vurderinga av gjeldande rett og dei forslag som ligg føre, vil verte gjort basert på dei rettslege omsyn som vart presentert i punkt 1.2. Desse omsyna er akta å spegle rettslege grunnprinsipp,

---

<sup>6</sup> Eksempelvis forholdet mellom utilreknelegreglane og Convention on the Rights of Persons with Disabilities (CRPD).

<sup>7</sup> Som døme er juridisk terminologi og stigmatisering i tilknytning amerikansk rett drøfta i Bruce Dennis Sales og Lynn R. Kahle «Law and Attitudes Toward the Mentally Ill», *International Journal of Law and Psychiatry*, 1980 s. 391–403 (s. 393–395).

<sup>8</sup> For innhaldet i juridisk metode sjå Nils Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve, Bergen 2004 kap. 1.

<sup>9</sup> Lov 22. mai 1902 nr. 10 (strl. eller strl. 1902). Om vidareføring sjå Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 423 under merknadar til strl. § 20.

og slik sett er òg vurderingsdelen av oppgåva rettsleg forankra. Val av regelmodell for utforming av utilreknelegreglar må i dette perspektiv òg verte gjort greie for.

## **1.5 Oppgåva si vidare oppbygging**

I tillegg til dette innleiingskapittelet, inneheld oppgåva sju kapittel. Kapittel to vil gjere greie for dei omsyn som vert lagt til grunn for den rettslege analysen i oppgåva, samt regelmodellar som vert brukt ved utforming av ein slik regel. Oppgåva sitt tredje kapittel syner historikken bak dei ansvarsfriande psykiske lidingane. Dette for å gje perspektiv på alternativ til regelutforminga i gjeldande rett og føreslegne endringar.

Kapittel fire, fem og seks er hovuddelen av oppgåva, og omhandlar gjeldande rett, NOU 2014: 10 og Prop. 154 L (2016–2017). Desse tre kapitla tar for seg regelutforminga sett opp mot omsyna presentert i kapittel to. For å trekke konklusjon i høve oppgåva si overordna problemstilling, svarar kapittel sju på kva av gjeldande rett, utgreiinga og proposisjonen som slår best ut i høve dei omsyn som er drøfta under kvart kapittel.

# 2 Utgangspunkt for å vurdere reglar om utilreknelegheit

## 2.1 Val av vurderingsmoment

Regelutforming kan verte drøfta ut i frå mange ulike innfallsvinklar.<sup>10</sup> I denne oppgåva vil utgangspunktet vere fire vurderingsmoment. Desse er regelutforminga si *treffsikkerheit*, om regelen sikrar ei *adekvat rollefordeling*, *førehandsvisse* og å *unngå stigmatisering*. Innhaldet i desse skal utviklast i det følgjande.

Grunnlaget for val av desse vurderingsmomenta er delvis deira framtrekande plass i diskusjonen om utilreknelegheit ved psykisk sjukdom. Delvis er grunngevinga at omsyna fangar sentrale vurderingsmoment i regelutforminga – dersom regelen sikrar omsyna vil den adekvat avgrense utilreknelegheit. I tillegg speglar omsyna grunnleggjande rettsstatsprinsipp. Førehandsvisse og det å unngå stigmatisering er slike prinsipp i seg sjølv, medan treffsikkerheit heng saman med grunngevinga for straff. Dette på den måten at omsynet tar i vare strafferetten sitt grunnprinsipp; berre den som kan klandrast skal verte halden ansvarleg og straffa. Dersom ein regel ikkje sikrar ei adekvat rollefordeling, vil ikkje maktfordelingsprinsippet vere sikra. Av desse grunnar klassifiserer eg òg omsyna som prinsipielle omsyn.

## 2.2 Treffsikkerheit

### 2.2.1 Utgangspunkt: strafferetten sitt omgrep om utilreknelegheit

Omsynet til treffsikkerheit siktar til at utilreknelegregelen for psykisk sjuke skal treffe dei som etter strafferetten si grunngeving bør verte fri for ansvar. Det er strafferetten sitt omgrep om utilreknelegheit, og psykisk sjukdom si kopling til dette som grunnjev kvifor vi har utilreknelegreglar for dei med psykiske lidingar.

---

<sup>10</sup> Eksempelvis at regelen må sikre rettstryggleik, premiss for bevisvurdering og konsekvensar på aktørplan i Linda Gröning, «Tilregnelighet og utilregnelighet: Begreper og regler», *vedlegg 1 til NOU 2014: 10*, s. 404–429 (s. 418). Eller «betydningen av de organisatoriske og institusjonelle rammer innenfor kriminalomsorg og helsevesen (...)», Gert Johan Kjølby, «En rettspolitisk vurdering av straffansvaret for alvorlig sinnslidende i norsk rett», *Tidsskrift for strafferett*, 2014 s. 262–282 (s. 267).



I norsk rett er det å vere utilrekneleg ein frifinningsgrunn. Sjølv om utilreknelegheit vert skildra og kategorisert ulikt i litteraturen, er det semje om at utilreknelege ikkje vert haldne ansvarleg og straffa.<sup>11</sup> Det å vere utilrekneleg rettar seg mot straffansvaret og ikkje berre straffa i seg sjølv. Fordi lovbrytar vert fritaken for ansvar, ikkje berre straff, vil omgrepet ansvarsfriande verte nytta i det følgjande.

Lenge har det vore tradisjon for å unnlate nokre typar tilstandar frå straffansvar, både i Norge og i dei fleste andre rettsstatar. Grunnlaget for dette kan til dømes vere alder eller manglande sjeleleg sunnheit.<sup>12</sup> Kvifor slike tilstandar skal føre til ansvarsfridom vert forklara på ulike måtar, men det sentrale perspektiv er gjeve av skuldprinsippet. Prinsippet går ut på at den som kunne og burde handla annleis, skal verte halden ansvarleg og straffa.<sup>13</sup> Utgangspunktet i skuldprinsippet er at menneske har ei ibuande evne til å handle ansvarleg, er tilreknelege. I tråd med dette prinsippet vert tilreknelegheit vanlegvis forstått synonymt med skuldevne.<sup>14</sup> Dersom ein person ikkje har denne evna på gjerningstidspunktet – er utilrekneleg – kan han heller ikkje verte lasta med ansvar eller skuld.

Litteraturen seier følgjeleg at tilreknelegheit er skuldevne eller evne til å handle ansvarleg, og det å vere utilrekneleg er mangel på denne evna.<sup>15</sup> Vidare er skuldevne ofte knytt til individet si evne til forståing og kontroll over sine handlingar, men det er uklart kva som meir presist vert kravd. Generelt er det sagt at «gjerningspersonen må ha en viss modenhet, sjelelig sunnhet og bevissthet på handlingstiden» for å vere tilrekneleg.<sup>16</sup> Dette kan då verte forstått slik at det avgjerande for utilreknelegheit er kor fungerande ein person totalt sett er, meir enn kva evner vedkommande har. Spørsmålet vert då korleis psykisk sjukdom verkar inn på skuldevna.

## 2.2.2 Utilreknelegheit ved psykisk sjukdom

---

<sup>11</sup> Døme på ulike omgrep: «unnskyldningsgrunn» brukt i Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 484, «straffrihetsregel» brukt i NOU 1990: 5 m.a. på s. 13–14, «ansvarsfri» brukt i Henry Johan Mæland, *Innføring i alminnelig strafferett*, 3. utgåve, Bergen 2004 s. 143. Eller at handlinga er «straffri», Johs Andenæs, *Alminnelig strafferett*, 6. utgåve, Oslo 2016 s. 290.

<sup>12</sup> Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 484.

<sup>13</sup> Sjå nærare Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 50–51.

<sup>14</sup> Mellom anna i Andenæs (2016) s. 288 og Mæland (2004) s. 143.

<sup>15</sup> Eller «manglende strafferettslig skyldevne, manglende straffansvarskapasitet eller evne til å ta straffansvar (...)», Kjelby (*TfS* 2014) s. 262.

<sup>16</sup> NOU 2014: 10 s. 86.

Psykisk sjukdom sin relevans for strafferettslege utilreknelegreglar vert ofte grunngeve med at visse psykiske lidningar er så alvorlege at dei verkar inn på ein person si skuldevne.

Psykosetilstanden har vore sett særleg relevant som grunnlag for utilreknelegheit i norsk rett, ettersom det å vere psykotisk er vurdert som ei spesielt alvorleg lidning.<sup>17</sup> I NOU 2014: 10 vart det for eksempel peika på at ein psykotisk lovbrutar vil ha ei «forstyrret oppfatning av virkeligheten og en sterk begrenset evne til å styre sine handlinger etter samfunnets normer (...)».<sup>18</sup> Dermed inneber psykosetilstanden at evne til forståing og kontroll over handlingar vert sett ut av spel.<sup>19</sup>

Etter mitt syn bør psykisk sjukdom føre til utilreknelegheit når det er tale om veldig alvorlege tilstandar som openbart verkar inn på individet sine tankar og handlingar. Avgrensinga av utilreknelegheit ved psykiske lidningar bør dermed vere snever. Tilreknelegheit er utgangspunktet, sjølve trua på at vaksne menneske normalt har evne til ansvarleg handlemåte – og berre unntaksvis vil det vere tale om ei psykisk lidning som fører til ansvarsfridom. Det at den utilreknelege er i ein slik tilstand at samfunnet ser det urimeleg å straffe vedkommande, må nødvendigvis gjere at terskelen er høg for å verte omfatta av regelen.<sup>20</sup>

## 2.3 Rollefordeling

Med rollefordeling er meint at regelutforminga gjev ei adekvat tilvising for den rolle domstolen og dei sakkunnige skal ha ved spørsmål om tilreknelegheit ved psykiske lidningar. Det er difor grunn til å sjå nærare på denne rollefordelinga i spørsmålet om kva som er ei adekvat avgrensing av utilreknelegheit ved psykisk sjukdom.

Utilreknelegregelen ved psykisk lidning fell både under domstolen og rettspsykiatrane sitt fagfelt, på ulik måte. Etter straffeprosessloven § 165 første ledd er det opp til retten å nemne opp sakkunnige når det er nødvendig for avgjerd av saka.<sup>21</sup> Desse skal gjennomføre rettspsykiatrisk undersøking av sikta. Retten skal vidare utarbeide eit skriftleg mandat som påpeiker kva dei sakkunnige skal gjere greie for jf. strpl.§ 142 a. Følgjeleg skal

---

<sup>17</sup> Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 493.

<sup>18</sup> NOU 2014: 10 på s. 89.

<sup>19</sup> Gröning, «Er de norske utilregnelighetsreglene i strid med rettsfølelsen» i *Rettsfølelsen i strafferettssystemet – perspektiver fra teori og praksis*, Anne Marie Frøseth, Linda Gröning og Rasmus H. Wandall (red.), Oslo 2016, på s. 137–165 (s. 145).

<sup>20</sup> For same syn sjå NOU 2014: 10 s. 423 og Prop. 154 L (2016–2017) s. 12.

<sup>21</sup> Lov 22. mai 1981 nr. 25 (strpl.).

rettspsykiatrane i straffesaker opplyse om det medisinske grunnlag for vurderinga, etter domstolen sine retningslinjer.

På grunn av dei kryssande fagfelt er det ved utforming av regelen viktig at denne fungerer for begge, og sikrar ei adekvat rollefordeling. Mitt syn er at dei sakkunnige ikkje skal avgjere spørsmålet om lovbrutar er utilrekneleg. Dette er fordi ei vurdering av (u)tilreknelegheit er ei rettsleg vurdering. Både domstol og rettspsykiater må halde seg til sitt fagområde. Likevel har korkje domstolen eller sakkunnige kompetanse til å avgjere spørsmålet åleine. For at regelen skal sikre rett rollefordeling, må den difor vere utforma slik at den syner kva domstolen skal ta stilling til – det rettslege, og kva rettspsykiatrane skal ta stilling til – det medisinske faktiske grunnlag for avgjersla av spørsmål om tilreknelegheit.

## 2.4 Førehandsvisse

Dersom ein skal ivareta omsynet førehandsvisse må like tilfelle verte handsama likt, og det må vere mogleg for den alminnelege borgar å føresjå kva som skal til for ansvarsfridom etter regelen. Tilreknelegheit er eitt av vilkåra for straff, og straff er det mest inngripande verkemiddel samfunnet har overfor enkeltindivid. Ein regel med unntak frå tilreknelegheit, som utilreknelegheit ved psykisk lidning er, må difor vere klar og ikkje uforståeleg. Om den fyller desse krav, vil den enkelte kunne føresjå si rettsstilling. Ut i frå same ståstad kan ikkje reglar verte uforma slik at domstolen står fritt til å dømme til straff eller ikkje. Klarheit i ein utilreknelegregel er dermed viktig med omsyn til vern mot vilkårleg maktbruk. Førehandsvisse i slik betydning er difor eit viktig omsyn for utforming av utilreknelegreglane.

## 2.5 Stigmatisering

Omsynet til å unngå stigmatisering har å gjere med kva ein utilreknelegregel kommuniserer om dei med psykiske lidningar. Det bør verte unngått at lovverket brukar terminologi som set noka gruppe psykisk sjuke i eit negativt lys. Som Gröning påpeiker, bør ein utilreknelegregel «ikke - uriktig - kommunisere at psykisk syke generelt mangler fornuftskapasitet og evne til å handle ansvarlig».<sup>22</sup>

---

<sup>22</sup> Gröning (*vedlegg 1*) s. 421.

Denne stigmatiseringsproblematikken må vurderast i takt med at samfunnet endrar seg. Sjølv om tidlegare brukte omgrep ikkje sto fram som stigmatiserande når dei vart brukt, kan dei ha ein slik effekt ut i frå dagens språkbruk. Døme på terminologi nytta om utilrekelege er «Galne og Afsindige»<sup>23</sup>, «sinnssyk»<sup>24</sup> eller «idioter og imbesille» om dei «åndssvake»<sup>25</sup>. Desse omgrepa står fram som upassande i dag. Som vi skal sjå har òg psykosevilkåret no vorte problematisert, i den forstand at vilkåret kan verke stigmatiserande.

## 2.6 Regelmodellar

I ei analyse av utilrekelegreglar er eit viktig aspekt å drøfte ulike moglege regelmodellar. Dette fordi ein utilrekelegregel kan verte utforma på mange måtar. Det eksisterer òg fleire modellar, men det blanda og det medisinske prinsipp er ofte framheva i diskusjonen som to grunnleggjande utgangspunkt for utforming av slike reglar.<sup>26</sup>

Dersom ein legg det medisinske prinsipp til grunn for utilrekelegheit, vil lovbrytar verte frikjend for dei straffbare handlingar han gjer medan han er i den tilstand av utilrekelegheit som går fram av lova, til dømes «psykotisk». Utilrekelegheit vert her åleine definert av tilstandskriterier som utpeikar ulike medisinske eller biologiske tilstandar.<sup>27</sup> Dermed har ikkje tilstandens innverknad på handlinga nokon betyding.

Etter det blanda prinsipp er det ikkje tilstrekkeleg at lovbrytar var i ein sjukdomstilstand. I tillegg vert det kravd at tilstanden verkar inn på handlinga på ein bestemt måte. Typisk inneheld eit blanda prinsipp både inngangskriterier om dei tilstandar som kan tilsei utilrekelegheit, og tilleggskriterier om korleis tilstanden verkar inn på handlinga.<sup>28</sup> Som tilleggskriterier vert ofte det som er kalla psykologiske kriterier brukt; lovbrytars evne til å forstå og kontrollere sine handlingar, og kausalitetskriterier; om samheng mellom avvikstilstand og handling.<sup>29</sup>

---

<sup>23</sup> Kriminalloven 1842.

<sup>24</sup> Straffeloven 1902 før revisjon i 1997.

<sup>25</sup> NOU 1974: 17 m.a. på s. 53. «Åndssvake» er forløparen til «psykisk utviklingshemmet i høy grad» jf. strl. § 20 første ledd bokstav c.

<sup>26</sup> Som døme Markus Jerkø, «Utilregnelighet på gjengrodde stier – analytiske refleksjoner om formuleringen og praktiseringen av rettens utilregnelighetsvilkår», *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 2016 s. 266–300 (s. 266). Aslak Syse, «Strafferettslig (u)tilregnelighet – juridiske, moralske og faglige dilemmaer», *Tidsskrift for Strafferett*, 2006 s. 141–175.

<sup>27</sup> NOU 2014: 10 avsnitt 8.3.2.

<sup>28</sup> NOU 2014: 10 på s. 47 og 88.

<sup>29</sup> Grønning, Frøseth, Grønning og Wandall (2016) s. 146.

Norge har lang tradisjon for å bruke det medisinske prinsipp. Bakgrunnen for val av dette prinsipp er «en oppfatning om at psykiske avvikstilstander i alminnelighet rammer hele personligheten, i alle fall at dette ikke kan utelukkes, og at det er utfordrende å skulle bevise noe mer enn at tilstanden foreligger eller ikke, for eksempel at det ikke er årsakssammenheng mellom tilstanden og lovbruddet». I tillegg er omsynet til førehandsvise av vekt.<sup>30</sup>

Samtidig er det ikkje nødvendigvis ein parallell mellom det medisinske prinsipp og omgrep med både rettsleg og medisinsk betyding. Eit døme er omgrepet «sinnssyk» som vart nytta fram til lovrevisjon i 1997.<sup>31</sup> Omgrepet er utan medisinsk parallell, men like fullt bygde regelen på det medisinske prinsipp. Vidare kan ein regel nytte omgrep med medisinske parallellar dersom den syner rollefordelinga på anna måte.<sup>32</sup>

---

<sup>30</sup> NOU 2014: 10 s. 48. At førehandsvise er av vekt vert sagt implisitt. Til dømes gjennom at krav om årsakssamanheng svekker førehandsvissa.

<sup>31</sup> Lovrevisjonen vert utdjupa i oppgåva pkt. 3.3.

<sup>32</sup> Til dømes syner forslaget i NOU 2014: 10 rollefordelinga på anna måte, sjølv om «psykotisk» er brukt. Dette vert utdjupa i oppgåva pkt. 5.3.

# 3 Eit historisk perspektiv på utilreknelegreglane

## 3.1 Kriminalloven 1842

Innleiingsvis vart det påpeika at endringsforslaget i Prop. 154 L (2016–2017) bryt med lang tradisjon i norsk rett, med reglar bygde på eit medisinsk prinsipp. For å sette forslaget i perspektiv er det føremålstenleg å trekke linjene bakover, og vise korleis utilreknelegreglane endra seg opp gjennom historia. Eit historisk tilbakeblikk vil vidare gje perspektiv på moglege alternativ til den regelutforming som er i gjeldande rett, og føreslegne endringar.

Oppgåva tar sitt historiske startpunkt i kriminalloven 1842, sjølv om tradisjonen med ansvarsfridom for utilreknelege kan verte trekt mykje lenger bak i tid enn til denne lova. Det var nemleg først kriminalloven som inneheldt reglar om utilreknelege på den måten vi kjenner i dag.

Ansvarsfritaksregelen for dei med psykiske avvikstilstandar var å finne i kriminalloven kapittel sju «Om de Omstændigheder, der udelukke eller ophæve Strafskyld». Forgjengaren til dagens strl. § 20 første ledd bokstav b, var kriminalloven § 2: «De Handlinger ere straffrie, som forøves af Galne eller Afsindige, eller af dem, som Forstandens Brug ved Sygdom eller Alderdomssvagheth er berøvet».<sup>33</sup> Med andre ord er «Galne eller Afsindige» forløparen til psykosevilkåret.

Ordlyden tyder på at det var tilstrekkeleg å påvise at lovbrytar hadde ein psykisk sjukdom dersom han falt under alternativet «Galne eller Afsindige». Etersom det ikkje var krav om psykotiske symptom på handlingstidspunktet, gav regelen uttrykk for det medisinske prinsipp meir reindyrka enn i dag. Ved «Alderdomssvagheth» og «Sygdom» som førte til at «Forstandens Brug (...) er berøvet» galdt likevel det blanda prinsipp.<sup>34</sup>

Teorien var splitta i spørsmålet om lova faktisk gav uttrykk for det medisinske prinsipp. På den eine sida sto dei som hevda at regelen ikkje hadde noko med medisinske diagnosar å

---

<sup>33</sup> Presentert i NOU 1974: 17 s. 41.

<sup>34</sup> NOU 1974: 17 på s. 41 klassifiserer dette som det psykologiske prinsipp. Dette må vere ein inkurie då ordlyden både innehar tilstandskriterier og psykologiske kriterier (det blanda prinsipp). Både Syse i (*TfS* 2006) s. 161, NOU 2014: 10 på s. 115 og Prop. 154 L (2016–2017) på s. 19 omtalar dette som utslag av det blanda prinsipp.

gjere, til dømes som eit lekmannsuttrykk utan medisinsk parallell. På den andre sida vart det hevda at lova sitt uttrykk var det same som sinnsjukdom.<sup>35</sup> Domstolen dømde òg lovbrytarar som påviseleg var sinnsjuke på handlingstidspunktet. Denne uklare rettsstilstanden var ein del av bakgrunnen for den endra lovteksten i straffeloven 1902,<sup>36</sup> noko som vil verte gått nærare inn på i det følgjande.

## 3.2 Straffeloven 1902 og revisjon i 1929

Straffeloven 1902 i si opphavelige form nytta «sindssyk» for dei psykiske lidningane som innebar ansvarsfridom jf. § 44. Under førebuinga av lova var det, som i dag, strid om korleis utilreknelegregelen skulle utformast. Striden stod mellom dei som ynskte det blanda prinsipp lagt til grunn, og dei som ynskte det medisinske prinsipp.<sup>37</sup> Resultatet vart at dersom lovbrytar var «sindssyk» eller «bevidsløs» innebar dette absolutt ansvarsfridom; det medisinske prinsipp. For dei som var «utilregnelig paa grund af mangelfuld udvikling af sjæslevnerne eller svækkelse eller sygelig forstyrrelse av disse» galdt det blanda prinsipp.<sup>38</sup>

Lovrevisjon i 1929 innebar gjennomgåande endringar for strl.1902 § 44. Det psykologiske prinsipp vart heilt forlate, og den ansvarsfriande utilreknelegheit avgrensa til sinnsjukdom og medvitsløyse.<sup>39</sup> Lovføresegna innebar no det reine medisinske prinsipp. Som grunnlag for dette uttrykte Straffelovskomiteen mellom anna det problematiske i at den tidlegare regelen, som var bygd på det blanda prinsipp, ikkje i tilstrekkeleg grad satt grenser for dommaren sitt individuelle skjønn.<sup>40</sup> Med andre ord vart eit argument om førehandsvisse trekt fram.

Ordlyden sto uendra til revisjonen i 1997. Straffelovsrådet føreslo likevel i NOU 1974: 17 å utvide utilreknelegregelen ved å kombinere absolutt ansvarsfridom med ein fakultativ regel, noko som inneber eit nærare skjønn for domstolen. Vidare vart det foreslått å endre

---

<sup>35</sup> Svein Atle Skålevåg, *Utilregnelighet: en historie om rett og medisin*, Oslo 2016 s. 65–66.

<sup>36</sup> NOU 1974: 17 s. 41 og Syse (*TfS* 2006) s. 161.

<sup>37</sup> Sjå NOU 1974: 17 s. 41 som viser til strid mellom det *psykologiske* og medisinske prinsipp, av same grunn som i note 34 må dette vere ein inkurie.

<sup>38</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 19. Syse kategoriserer denne delen av regelen som utslag av det psykologiske prinsipp i Syse (*TfS* 2006) s. 162. Dette kan komme av måten han klassifiserer det psykologiske prinsipp på, sjå s. 166 i same artikkel.

<sup>39</sup> NOU 1974: 17 s. 42 og Skålevåg (2016) s. 122.

<sup>40</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 20.

«sinnssyk» til «alvorlig sinnslidelse», då uttrykket vart sett mindre belastande.<sup>41</sup> Lovforslag på dette grunnlag vart ikkje fremja.

### 3.3 Revisjon i 1997

Ved lov om endringar i straffeloven vart det tidlegare vilkåret «sinnssyk» erstatta av «psykotisk».<sup>42</sup> Revidering av regelen var dels av terminologisk art, og dels ei lovfesting av rettspraksis.<sup>43</sup> Ei viktig grunngeving for ordlydsendringa var eit ynskje om å bringe terminologien i samsvar med språkbruken i psykiatrien, og «psykotisk» vart sett å vere meir presis og tidsrett enn «sinnssyk».<sup>44</sup>

Særreaksjonsutvalget føreslo i si utgreiing at vilkåret «psykotisk» skulle verte presisert med tilføyinga «og dermed uten evne til realistisk vurdering av sitt forhold til omverdenen». Justisdepartementet støtta ikkje forslaget, då dei meinte at dei praktiserande av regelen, juristar med hjelp av psykiatrar, var klar over kjenneteikn ved psykose og at tilføyinga var unødvendig.<sup>45</sup> Som vi skal sjå var gjerne ikkje tilføyinga så unødvendig som departementet gav uttrykk for.<sup>46</sup>

Utvalet føreslo vidare ein fakultativ regel. Regelen innebar at handlingar gjort i nokre tilfelle av psykiske avvik skulle føre til ansvarsfridom; tilfelle som ikkje var å rekne som psykose eller medvitsløyse. Det vart likevel ikkje fleirtall for forslaget i Stortingets Justiskomité, mellom anna fordi det ville vere uheldig med uklare reglar om straffritak.<sup>47</sup>

Revisjonen førte til ein regel med same innhald som den vi har i dag, og ordlyden i strl.§ 1902 § 44 vart endra til «Den som på handlingstiden var psykotisk (...) straffes ikke».<sup>48</sup>

---

<sup>41</sup> NOU 1974: 17 s. 54.

<sup>42</sup> Lov 17. januar 1997 nr. 11 om endringer i straffeloven m.v. (endringslov 1997). Denne vart først gjeldande 1. januar 2002.

<sup>43</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 21.

<sup>44</sup> Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 28.

<sup>45</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 20.

<sup>46</sup> Sjå pkt. 4.2 og 4.3 i oppgåva.

<sup>47</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 20–21.

<sup>48</sup> Sjå endringslov 1997 og strl. 1902 § 44 første ledd.



# 4 Gjeldande rett: psykosevilkåret

## 4.1 Oversikt over regelen

Det følger av strl. 2005 § 20 første ledd at lovbrutar må vere tilrekneleg på handlingstidspunktet for å kunne straffast. Etter regelens første ledd jf. bokstav b er lovbrutar ikkje tilrekneleg dersom denne er «psykotisk».

Regelen er eit utslag av det medisinske prinsipp, og ordlyden viser til tilstandar som medisinsk er å rekne som psykose.<sup>49</sup> Koplinga til dette prinsipp inneber at det ikkje vert kravd samanheng mellom sjukdom og den straffbare handling.<sup>50</sup> Dette kan verte forklara med at den som er så sjuk at tilstanden går under strl. § 20 første ledd bokstav b, manglar skuldevne. For å illustrere dette kan ein til dømes tenke seg ein person som stel ei klokke medan vedkommande har vrangførestillingar. Klokka er dyr, og han stel den fordi han syns den er fin. I denne situasjonen vert det ikkje vurdert om det var sjukdommen som gjorde at han stal klokka, men åleine om vedkommande var psykotisk, slik som straffeloven krev.

Koplinga til det medisinske prinsipp inneber òg at psykosevilkåret rettsleg sett skal verte forstått ut i frå den gjeldande medisinske forståing av psykose, slik den er til ei kvar tid.<sup>51</sup> Kva det vil sei å vere psykotisk er gjenstand for stadig diskusjon i det medisinske miljø, med fleire ulike teoriar om korleis tilstanden skal verte fastslått.<sup>52</sup> I vurderingar av utilreknelegheit er dei sakkunnige i Norge likevel gjennom internasjonale avtalar plikta til å nytte seg av diagnosesystemet ICD som er kriteriebasert, gjeldande utgåve er ICD-10.<sup>53</sup> Denne inneheld ei skildring av ulike diagnosar på psykiske lidningar, slik som schizofreni.<sup>54</sup> Det å vere *psykotisk* er ikkje ein diagnose, men ein tilstand. Kjernen av psykosetilstanden er kjenneteikna av ein

---

<sup>49</sup> Sjø Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 22 og Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 217.

<sup>50</sup> Sjø m.a. Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 26 og Mæland (2004) s. 145.

<sup>51</sup> Sjø Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 494.

<sup>52</sup> Døme er kognitiv teori framstilt i Vegard Klausen og Roger Hagen, «Kognitiv adferdsterapi ved psykose», *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 2008 s. 545–554. Fenomenologisk tilnærming og kriteriebasert tilnærming framstilt i «Epistemologi og psykiatriske diagnoser: nødvendigheten av en fenomenologisk forståelse av psykotisk bevissthet», Erling Inge Kvig og Steinar Nilssen, *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, 2014 s. 729–737.

<sup>53</sup> Randi Rosenqvist, «Er det utilregnelighetsregelen det er noe galt ved?», *Nytt Norsk Tidsskrift*, 2012 s. 349–360 (s. 349).

<sup>54</sup> Sjø 22. juli-saka pkt. 6.4 flg. der diagnosar i ICD-10 vert gjennomgått.

realitetsbrest.<sup>55</sup> Denne kan førekome ved fleire ulike psykiske lidingar, òg ved somatiske tilstandar som til dømes hjernesvulst.<sup>56</sup>

I praksis må den sakkunnige gjere ei klinisk vurdering av lovbrutar,<sup>57</sup> og ofte svare på om straffeloven sitt vilkår er oppfylt.<sup>58</sup> Det rettslege psykosevilkåret skil seg her frå den kliniske forståinga.<sup>59</sup> Ein kan oppfylle vilkåret i strl. § 20, utan å ha ein psykotisk sjukdom, og ein kan vere psykotisk i medisinsk forstand utan å vere psykotisk og utilrekneleg etter straffeloven. Skiljet mellom den medisinske og rettslege betydinga av psykose viser seg særleg når det gjeld rusutløyst psykose, noko som fell utanfor denne oppgåva. Den kliniske og rettslege forståinga skil seg òg gjennom at det er sett å vere eit krav til symptomtyngd innbakt i strl. § 20 første ledd bokstav b, noko som vil verte utdjupa under.

Etter ordlyden i strl. § 20 er det ikkje tilstrekkeleg å ha ei psykotisk grunnlidning for å gå ansvarsfri, ein må ha aktive symptom på *handlingstidspunktet*. Det betyr til dømes at ein person med grunnlidninga schizofreni ikkje vil vere strafferettsleg psykotisk heile tida. Symptoma kan svinge, og vedkommande kan til tider fungere relativt vel.<sup>60</sup>

Kravet om aktive symptom på handlingstidspunktet gjer det vidare nærliggande å gå ut i frå at det gjeld eit krav til symptomtyngd i psykosevilkåret, noko som i dag er det dominerande syn.<sup>61</sup> Likevel går det ikkje heilt klart fram av rettskjeldene at eit slikt krav ligg føre, og kjeldene vil difor verte gjennomgått i det følgjande.

Ved lovrevisjonen i 1997 vart det føreslått å presisere «psykotisk» slik at det innebar eit krav om manglande evne til realistisk vurdering av omverda.<sup>62</sup> I dette låg det at psykosen måtte innebere «en vesentlig realitetsbrist som omfatter vesentlige sider av virkeligheten».<sup>63</sup> Dette gjer at den rettslege forståing av vilkåret er snevrare enn den medisinske, ettersom ein kan verte rekna psykotisk i medisinsk forstand, men at symptoma ikkje er tunge nok til å innebere psykose i strl. § 20 sin forstand.

---

<sup>55</sup> Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 217 og Mæland (2004) s. 145.

<sup>56</sup> Randi Rosenqvist, «Rettspsykiatri etter Breivik-saken», *Tidsskrift for strafferett*, 2012 s. 323–328 (s. 324).

<sup>57</sup> Rosenqvist (*NNT* 2012) s. 349.

<sup>58</sup> NOU 2014: 10 s. 206.

<sup>59</sup> Sjø m.a. NOU 1990: 5 s. 42 og Rosenqvist (*TfS* 2012) s. 324.

<sup>60</sup> Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 495.

<sup>61</sup> Sjø NOU 2014: 10 pkt. 6.4.3, Prop. 154 L (2016–2017) s. 12 og Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 495 med vidare tilvising.

<sup>62</sup> NOU 1990: 5 s. 51.

<sup>63</sup> Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 495.

Det er seinare uttala at «[d]et er i dag enighet blant psykiatere om at det som først og fremst kjennetegner en psykose, er at forholdet til virkeligheten i vesentlig grad er forstyrret».<sup>64</sup>

Vidare er skiljet mellom det rettslege og det medisinske psykoseomgrepet vist til fleire stadar i Særreaksjonsutvalget si utgreiing.<sup>65</sup> Sjølv om utvalet sitt forslag om å presisere psykosevilkåret i lovtæksten ikkje vart vedtatt, viser Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) til deira drøfting av sjølve psykoseomgrepet.<sup>66</sup> Denne drøftinga har følgeleg betydning for gjeldande rett.

Høgsterett har ikkje prøvd spørsmålet om krav til symptomtyngd direkte. Avgjersla i Rt. 2008 s. 549 kan likevel implisitt verte tolka slik at domstolen meiner eit slikt krav ligg føre. I avgjersla er det først vist til medisinsk psykose, før det vert stilt spørsmål om den strafferettslege psykose. Dermed er ikkje den medisinske og rettslege forståelsen av omgrepet samanfallande.<sup>67</sup> Dette er følgt opp seinare i drøftinga der det er uttala at forståelsen i Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) om at «forholdet til virkeligheten i vesentlig grad er forstyrret» er uttrykk for gjeldande rett.<sup>68</sup>

På dette grunnlag tar eg som utgangspunkt at psykosevilkåret inneheld eit krav til symptomtyngd.

Sjølv om det rettslege og medisinske omgrepet skil seg, mellom anna gjennom krav til symptomtyngd, viser ein gjennomgang av rettspraksis at det er ei tett kopling mellom dei. Undersøkinga i oppgåva er avgrensa til avgjersler der lovbrytar er konkludert psykotisk etter strl. § 20, og etter straffeloven 2005 vart gjeldande. Det er ikkje komne slike saker til Høgsterett, men fem saker har vore handsama i lagmannsretten. I fire av sakene konkluderte både sakkunnige og lagmannsretten med at lovbrytar hadde diagnosen paranoid schizofreni.<sup>69</sup> Ei av sakene innebar sprikande meiningar hos dei sakkunnige om schizofreni var tilstrekkeleg dokumentert. Fleirtalet i retten kom til at det var rimeleg tvil om tiltalte var tilrekneleg på gjerningstidspunktet, og lovbrytar vart rekna ansvarsfriande psykotisk.<sup>70</sup> Ein ser av denne

---

<sup>64</sup> Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 22, det same føl av NOU 1990: 5 s. 38. For utdjuing om førearbeid kring symptomtyngd sjå Tilregnelighetsutvalget sin diskusjon på s. 49–50 i NOU 2014: 10.

<sup>65</sup> NOU 1990: 5 i kapittel VII. Dømesvis på s. 39, 42 og 51.

<sup>66</sup> Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 23.

<sup>67</sup> Det implisitte tolkingsresultat følgjer m.a. av avsnitt 17-18 i avgjersla.

<sup>68</sup> Uttalt i avsnitt 33 jf. 39 i avgjersla.

<sup>69</sup> LB-2015-144043 (Borgarting lagmannsrett), LB-2016-10409-1 (Borgarting lagmannsrett), LB-2016-204932 (Borgarting lagmannsrett), LA-2016-135889 (Agder lagmannsrett).

<sup>70</sup> LB-2016-136208 (Borgarting lagmannsrett).

gjennomgangen at diagnosen paranoid schizofreni har stor vekt som medisinsk grunnlag, for å vurdere ein lovbrutar psykotisk etter strl. § 20 første ledd bokstav b.

Denne tette koplinga mellom diagnose og strafferettsleg utilreknelegheit reiser spørsmål om kravet til symptomtyngd i psykosevilkåret, og meir generelt skilnaden mellom den rettslege og medisinske betydinga av omgrepet, er gjennomført i praksis. Vi skal sjå i det følgjande at dette ikkje alltid er tilfelle.

## 4.2 Treffsikkerheit

Det første spørsmålet omsynet til treffsikkerheit reiser, er om gjeldande regel femner for vidt, slik at den omfattar dei som ikkje bør verte rekna utilreknelege. Med andre ord dei som faktisk har skuldevne.

Fleire ulike lidningar kan resultere i psykotisk tilstand som vil falle under det rettslege vilkåret i strl. § 20. I følge Rosenqvist vil likevel ca. 95 % av dei med psykosesyjukdom falle utanfor regelen, og bør verte sett tilreknelege.<sup>71</sup> Desse er dermed ikkje sjuke nok til å falle inn under det rettslege vilkåret. Dette er i tråd med grunngevinga for at psykisk sjukdom fører til utilreknelegheit – ein må vere svært sjuk for å vere «psykotisk» etter strl. § 20. Regelen har med andre ord eit veldig snevert bruksområde.

Likevel vert regelen nokre gonger praktisert feil. Til dømes vert saker der lovbrutar har ei psykotisk grunnliding ofte lagt bort, uavhengig av om denne var aktiv på handlingstidspunktet.<sup>72</sup> Dette kan ha sitt grunnlag i at det er vanskeleg å skilje mellom den rettslege og medisinske forståinga, noko som skapar forvirring.<sup>73</sup> Medisinsk er det tilstrekkeleg å ha ei psykotisk grunnliding – rettsleg er det krav om aktive psykotiske symptom på handlingstidspunktet. Dette kjem ikkje fram i strl. § 20 første ledd bokstav b.

Den feilaktige praktiseringa kan òg ha sitt grunnlag i uklare utsegn i juridisk teori, som er egna til å skape feilaktige forståingar av skiljet mellom det rettslege og medisinske psykoseomgrep. Sjølv om dette ikkje er ei viktig rettskjelde, er dette eit naturleg utgangspunkt for rettsbrukarar med manglande kunnskap på området.

---

<sup>71</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 65.

<sup>72</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 65.

<sup>73</sup> Sjå meir omhandlande forvirring om rollefordeling i oppgåva pkt. 4.3.

Dømesvis skriv Eskeland «[e]ksempler på psykiatriske diagnoser som medfører strafferettslig utilregnelighet er schizofreni, paranoia, manisk depressiv psykose (...).<sup>74</sup> Dette indikerer at slike diagnoser åleine medfører at vedkommande er «psykotisk». Mæland kan verte tolka på same måte når han skriv «[s]innssykdom har tradisjonelt vært oppfattet som synonymt med den psykiatriske diagnose «psykose», hvilket er det uttrykk som nettopp brukes i strl. § 44».<sup>75</sup>

I Andenæs si førre utgåve er det uttala «[e]r først den medisinske psykosed diagnose på det rene, er dermed den strafferettslige utilregnelighet gitt, uten at det er nødvendig å stille spørsmål om det er noen sammenheng mellom sykdommen og den straffbare handling».<sup>76</sup> Igjen kan det sjå ut som at forfattaren meiner at ei medisinsk diagnose er tilstrekkeleg. Omgrepet «psykosed diagnose» er òg feilaktig. Det er inga diagnose som heiter psykose. Likevel skriv Andenæs her om manglande årsakssamanheng ved det medisinske prinsipp, og han meiner nok ikkje at ei psykisk lidning åleine er nok, men at det er nok å vere i ein psykosetilstand. Det er likevel ei uheldig formulering, noko som truleg vart oppdaga før revisjon av Andenæs sitt verk. Den siste utgåva presiserer nemleg «at det ikke uten videre medfører utilregnelighet at gjerningsmannen har fått diagnostisert en psykoselidelse på gjerningstiden».<sup>77</sup>

Her må ein ha i mente at dei siterte utsegn er henta frå generelle bøker om strafferett. Strafferettsområdet er stort og opnar ikkje for plass til utførlige drøftingar av alle spørsmål, noko som gjer at utgreiingar om utilreknelegreglane gjerne er kortfatta samandrag. Ein må kunne føresette at rettsbrukarar som står overfor eit spørsmål om (u)tilreknelegheit går lenger inn i materialet enn dette. I denne oppgåva sin samanheng syner likevel døma utsegn som er egna til å skape feilaktig praktisering av regelen.<sup>78</sup> Feilaktig praktisering kan indikere at lovføresegna si tilvising til «psykotisk» burde vore presisert, slik at skiljet mellom den medisinske og rettslege forståinga vart synleggjort. Dette kunne til dømes vorte gjort med eit krav til symptomtyngd i lovteksten.

---

<sup>74</sup> Ståle Eskeland, *Strafferett*, 4. utgåve, Oslo 2015 s. 332. Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 217 viser same forståing av psykiatriske diagnoser som Eskeland.

<sup>75</sup> Mæland (2004) s. 145.

<sup>76</sup> Johs Andenæs, *Alminnelig strafferett*, 5. utgåve, Oslo 2004 s. 305.

<sup>77</sup> Andenæs (2016) s. 304.

<sup>78</sup> Sjå motsetnadsvis Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) s. 494–495 der det eksplisitt går fram at psykiske lidningar ikkje er tilstrekkeleg til å verte rekna rettsleg psykotisk.

Oppsummert femner regelen i prinsippet ikkje for vidt, men den vert nokre gonger praktisert feil. Dette leier over i ei vurdering av om regelen er for snever, med andre ord om regelen ikkje treffer dei som faktisk bør verte rekna å mangle skuldevne.

Ut i frå omsyna til den ansvarsfriande utilreknelegheit er det psykosen sin innverknad på individet sine tankar og handlingar som er avgjerande, og ikkje tilstanden i seg sjølv. Dermed bør òg andre psykiske tilstandar enn psykose som rammer individet på same måte, kunne føre til at lovbyrtar vert rekna strafferettsleg utilrekneleg.

Etter gjeldande rett er det rimeleg klart at andre tilstandar enn psykosar ikkje gjev grunnlag for ansvarsfridom. Dette følgjer mellom anna av ordlyden «psykotisk». Vidare er det i straffeloven 2005 sine førarbeid uttala at psykoseomgrepet omfattar dei tilstandar psykiatrien til ei kvar tid reknar som «psykose». Døme på dette er schizofreni, paranoia og manisk depressiv psykose.<sup>79</sup> Endeleg stiller departementet i førarbeidet spørsmål om ein bør frita tilstandar som ligg tett opp mot psykose etter ein fakultativ regel. Grunngeving for dette er at «[g]rensen mellom psykosar og andre alvorlege sinnslidelser er heller ikke alltid klar».<sup>80</sup> På dette spørsmål vart svaret nei. Ein skal ikkje frita desse for straff, men redusere straffa etter strl. §§ 78 og 80.<sup>81</sup>

Det kan spørjast om andre tilstandar enn psykose rammar individet på tilsvarande måte som psykosen, og difor er like relevant for utilreknelegheit. NOU 2014: 10 inneheld ei djuptgåande drøfting av likestilte tilstandar sin innverknad på individet, dømesvis Alzheimers sjukdom, Parkinsons sjukdom og Aspergers syndrom.<sup>82</sup> I proposisjonen seier departementet seg einig i at desse er relevane for utilreknelegheit, og bør verte omfatta av regelen.<sup>83</sup> Etter mitt syn står det òg fram som uheldig at tilstandar som ikkje vert rekna som psykose fell utanfor regelen, sjølv om dei rammar individet like hardt. Regelen treffer dermed for snevert.

### **4.3 Adekvat rollefordeling?**

Ein lovtekst kan vere ueigna til å sikre ei adekvat rollefordeling dersom den skapar forvirring om rettsaktørane si rolle, til dømes ved bruk av omgrep som gjer skiljet mellom aktørane

---

<sup>79</sup> Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 271.

<sup>80</sup> Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 222–223.

<sup>81</sup> Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 225. I proposisjonen er det vist til strl. 1902 § 56, no strl. 2005 §§ 78 og 80.

<sup>82</sup> NOU 2014: 10 avsnitt 8.4 og 8.6.2.

<sup>83</sup> Likevel ser dei det unødvendig å utvide lovføresegna til likestilte tilstandar, då føreslegne «alvorlig sinnslidelse» vil famne om desse, sjå Prop. 154 L (2016–2017) s. 76.

uklart. I gjeldande rett er det medisinske og rettslege meiningsinnhaldet i psykose ulik, samtidig som spørsmålet for både domstol og sakkunnige er det same – om lovbrutar var psykotisk.

Rettsmedisinske sakkunnige skal opplyse om lovbrutars medisinske psykiske tilstand. I denne vurderinga nyttar dei ICD-10, som er utarbeida for dei som jobbar med psykisk helse,<sup>84</sup> og ikkje for domstol og juristar. Klassifiseringa som vert gjort etter ICD-10 skal kaste lys over noko anna enn om lovbrutar rettsleg sett var psykotisk. Dersom dommaren ikkje er var på dette, er den enkle løysing å lene seg på den sakkunnige sin konklusjon.

Vidare kan det skape forvirring at det er skilnad mellom omgrepa når det kjem til det rettslege kravet om symptomtyngd, eit krav som ikkje gjeld for den medisinske forståinga av psykose. Dette gjev ikkje berre utslag i feilpraktisering av regelen,<sup>85</sup> men òg rollefordelinga. Det skal ofte meir til for å verte rekna psykotisk strafferettsleg enn medisinsk. Dersom domstolen ikkje gjer ei sjølvstendig vurdering av symptomtyngda, kan ein risikere at nokon som er tilreklelege går fri. Dette er òg eit stort problem på etterforskningsstadiet, då politiet har tilgang til å legge bort saker på grunnlag av tvil om gjerningspersonens strafferettslege tilreklelegheit.<sup>86</sup> Slike mistydingar kunne vore unngått dersom Særreaksjonsutvalget si presisering om manglande realistisk vurdering av omverda vart vedteken.<sup>87</sup>

Desse synspunkt tilseier at dagens lovtekst er egna til å skape forvirring, og slik ikkje bidreg til å sikre ei adekvat rollefordeling mellom domstol og sakkunnige.

Eit ytterlegare poeng er at dagens lovtekst ikkje stengjer for påverknad frå rettspsykiatrane, og dette kan indirekte opne for at desse får større innverknad enn dei bør på spørsmål om lovbrutar var «psykotisk».

Norge har dommarar som er generalistar. Dette inneber at den enkelte dommar har lite grunnlag for sjølvstendig å vurdere om lovbrutars evne til «realistisk vurdering av ens forhold til omverdenen i vesentlig grad er opphevet».<sup>88</sup> Difor må dei sakkunnige hjelpe til i vurdering av lovbrutars psykiske tilstand, men likevel slik at dommaren held seg til dette på same måte som i andre spørsmål sakkunnige uttalar seg. Det er dommaren si oppgåve å sjølvstendig

---

<sup>84</sup> NOU 2014: 10 avsnitt 8.4.2.3.2.

<sup>85</sup> Drøfta i oppgåva pkt. 4.2.

<sup>86</sup> Prop. 122 L (2014–2015) s. 19.

<sup>87</sup> Presiseringa er sitert i oppgåva pkt. 3.3.

<sup>88</sup> NOU 1990: 5 s. 38.

vekte utgreiingane som andre bevis. Rollefordelinga må dermed verte balansert mellom dei to, med atterhald om at det er retten som har siste ord. Dagens lovtekst gjev inga rettleiing for dette. Spørsmålet vert då om førearbeid eller rettspraksis gjer det.

Det er uttala i NOU 1974: 17 at retten ikkje formelt vil vere bunden av dei sakkunnige sin konklusjon, «men reelt vil denne få avgjørende betydning for spørsmålet om frihetsstraff kan idømmes»,<sup>89</sup> dette i konteksten rettspsykiatrane si oppgåve etter strl. 1902 § 44. NOU 1990: 5 viser til at berre dersom lovbrytar under observasjon viser utvitydige symptom på «aktiv psykotisk forstyrrelse», skal dei sakkunnige konkludere med at denne var psykotisk i gjerningsaugneblinken.<sup>90</sup> Utgreiinga inneber retningsliner for når dei sakkunnige skal konkludere med psykose i straffeloven sin forstand. Dei to førearbeida syner å legge til grunn at det faktisk er rettspsykiatrane som indirekte avgjer spørsmålet om lovbrytar er psykotisk.

Høgsterett kom i Rt. 1979 s. 143 med det rådande prejudikat for spørsmål om vektlegging av dei sakkunnige sine erklæringar, i samband med spørsmål om beviskravet. Det vart uttala at «[s]kulle de rettspsykiatrisk sakkyndige komme til forskjellig konklusjon, må tiltalte etter min mening frifinnes for straff med mindre retten (...) skulle finne at det ikke kan være noen rimelig tvil om at tiltalte var tilregnelig på gjerningstiden».<sup>91</sup> Lovbrytar skal dermed verte sett «psykotisk» dersom dei sakkunnige har sprikande meiningar, men likevel med den sikringsventil at dersom det ikkje er nokon rimeleg tvil om tilreknelegheit, skal vedkommande verte straffa.

Vidare uttaler Høgsterett at det må vurderast konkret om det ligg føre ein slik tvil om tilreknelegheit, at svar på skuldspørsmål bør verte negativt. I denne vurderinga må det «først og fremst legges vekt på hva de rettspsykiatrisk sakkyndige har uttalt, ikke bare i den rettspsykiatriske erklærings konklusjon, men også i premissene for denne konklusjon, og i de sakkyndiges muntlige forklaring under hovedforhandlingen».<sup>92</sup> Her legg Høgsterett til grunn at domstolen skal gjere ei fullstendig og sjølvstendig bevisvurdering, men i denne skal rettspsykiatrane sine bidrag verte vektlagde i stor grad. Dette er fornuftig med tanke på rollefordelinga mellom dei to fagfelte i straffesaker. Det spesielle ved spørsmål om tilreknelegheit er at bevisvurderinga omhandlar lovbrytars psyke. Sakkunnige sine vurderingar må nødvendigvis ha tungtvegande vekt i bevisvurderinga.

---

<sup>89</sup> NOU 1974: 17 s. 14.

<sup>90</sup> NOU 1990: 5 s. 50.

<sup>91</sup> På s. 147 i avgjersla.

<sup>92</sup> På s. 147 i avgjersla.



Lovteksten stengjer ikkje for påverknad, og førearbeida syner å legge til grunn at dei sakkunnige faktisk skal bidra i stor grad. I følgje Høgsterett må domstolen likevel gjere ei fullstendig bevisvurdering. Når lov og førearbeid ikkje set grenser, er det prejudikat frå Høgsterett som dannar retningslinjene for spørsmålet.

Likevel vil ikkje det at Høgsterett har lagt til rette for ei adekvat rollefordeling mellom domstol og sakkunnige bøte på problemet med påverknad, dersom det ikkje vert følgt i underrettspraksis. Til dømes tolkar tingretten i Halloween-saka Rt. 1979 s. 143 antitetisk, med det resultat at dersom rettspsykiatrane er einige, vert lovbrytar rekna psykotisk.<sup>93</sup> Vidare legg lagmannsretten i tre dømme til grunn at lovbrytar er psykotisk åleine ved å vise til dei sakkunnige sine konklusjonar, rett nok utan den antitetiske forståinga av avgjerda frå Høgsterett.<sup>94</sup>

På den andre side viser fleire avgjersler at både tingrettar og lagmannsrettar vurderer om lovbrytar var psykotisk meir inngåande. Ein legg vekt på både dei sakkunnige erklæringars konklusjon, premiss for konklusjonen, vitneutsegn under hovudforhandling, og om konklusjonen er halden ved etter hovudforhandling,<sup>95</sup> slik Høgsterett uttalla seg om korleis bevisvurderinga skal verte gjort i Rt. 1979 s. 143.

Sjølv om noko underrettspraksis viser seg å vere eksemplarisk og følgjer prejudikatet frå Høgsterett, er det likevel eit problem at fleire ikkje gjer det. Samtidig er det ikkje sikkert ei sjølvstendig vurdering er gjort, trass i at domstolen gjev uttrykk for det. Desse synspunkt illustrerer at dagens psykoseregel kanskje ikkje sikrar den rollefordeling den bør.

## 4.4 Førehandsvise

Når det kjem til førehandsvise er ordlyden «psykotisk» tydeleg på kva tilstandar som er aktuelle. Særleg i dei tilfelle av lovbrytarar som fell i kjernen av vilkåret, eller for dei som klart er tilreknelege. Samtidig skapar skiljet mellom den rettslege og medisinske forståinga av psykose feilaktig praktisering.<sup>96</sup> Regelen er egna til å skape ei oppfatning av at lovbrytarar med psykiske lidingar vil gå klar av straff uavhengig av aktive symptom på

---

<sup>93</sup> TOSLO-2013-61523-1 under «Rettsens vurdering av tilregnelighetsspørsmålet» nest siste avsnitt.

<sup>94</sup> LB-2015-144043 (Borgarting lagmannsrett), LB-2016-10409-1 (Borgarting lagmannsrett), LB-2016-135889 (Borgarting lagmannsrett).

<sup>95</sup> LB-2016-136208 (Borgarting lagmannsrett), LA-2016-113593 (Agder lagmannsrett), LG-2016-92047 (Gulating lagmannsrett) TKISA-2017-90977 (Kristiansand tingrett), TOSLO-2016-135588 (Oslo tingrett) mfl.

<sup>96</sup> Utdjupa i oppgåva pkt. 4.2.

handlingstidspunktet. Nokre av dei som praktiserer regelen er med andre ord ikkje merksame på kravet til symptomtyngd. Dette kan ha sitt grunnlag i at kravet ikkje går fram av lovteksten, men vage utsegn i førearbeida. Det går heller ikkje fram nokon stad kor sterke symptom som skal til for å føre til utilreknelegheit. Synspunkta tilseier at dagens psykosevilkår likevel i liten grad sikrar førehandsvisse for dei tilfelle som ikkje er i kjernen av regelen.

På den andre sida ligg det alt føre praksis om psykosevilkåret. Sjølv om høgsterettspraksis er sparsam, kan underrettsdomstolar rette seg etter egne og andre domstolar sine liner for kva som skal til for å verte rekna ansvarsfriande psykisk sjuk, og likeins med lovbrytarar og andre rettsbrukarar. Regelen inneber vidare lite rom for skjønn, då «psykotisk» er ein definert tilstand. Domstolen må ikkje konkret vurdere lovbrytars evne til å stå til ansvar for sine handlingar.<sup>97</sup>

Samla sett kunne strl. § 20 første ledd bokstav b vore betre utforma i tilknytning førehandsvisse, men regelen sikrar omsynet relativt godt gjennom manglande rom for skjønn og (underretts)praksisen som er utvikla.

## 4.5 Stigmatisering

Å knyte ansvarsfriande psykiske lidningar til omgrepet «psykotisk» kan innebere stigmatisering for dei psykisk sjuke som ikkje på nokon måte er utilreknelege, men har si skuldevne i behald. Dette mellom anna fordi psykosevilkåret ikkje er tilstrekkeleg konkret, noko som er egna til å kommunisere at dei med psykotiske grunnlidningar generelt er utan evne til forsvarleg handlemåte.

I proposisjonen med den føreslegne regel tar departementet dette til følge med grunngjevinga «[d]ersom den strafferettslige utilregnelighet angis med medisinske uttrykk, risikerer man i ytterste konsekvens at offentligheten uriktig setter likhetstegn mellom den medisinske diagnosen og straffbare handlinger (...). Det vil kunne føre til at de som har diagnosen anses som farlige, også de som aldri har begått eller kan forventes å begå kriminalitet».<sup>98</sup>

---

<sup>97</sup> Sjø Gröning (*Vedlegg 1*) s. 420 for tilsvarende syn.

<sup>98</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 66.

Det vil ikkje verte gjort ei analyse av om folk flest faktisk set likskapsteikn mellom psykose og fare. Likevel er det eit poeng at alvorlege drapssaker der spørsmål om psykose kjem opp, gjerne vert via stor plass i media. Dekninga i media er egna til å bygge opp folk sine fordommar om at desse er særleg farlege. Dette er statistisk feil,<sup>99</sup> og kan eksemplifiserast gjennom til dømes Halloween-saka og 22. juli-saka.<sup>100</sup> At resultatet i berre Halloween-saka var ansvarsfriande psykose, treng ikkje nødvendigvis innebere at folk forstår kor alvorleg sjuk ein må vere for å verte rekna rettsleg psykotisk. Dømet syner òg at korleis utilreknelegregelen for psykiske lidingar er utforma ikkje åleine står for problemet med stigmatisering. Media har òg ei rolle,<sup>101</sup> særleg når negativt lada ord som dømesvis «tikkende bomber» vert nytta.<sup>102</sup>

Synspunkta gjer det nærliggande å sei at nojeldande psykosevilkår har ei problematisk side i høve stigmatisering av visse grupper.

---

<sup>99</sup> Syse (*TfS* 2006) s. 170–171.

<sup>100</sup> Sakene vil verte utdjupa i oppgåva pkt. 6.2. Halloween-saka har rettstidene TOSLO-2013-61523-1 (Oslo tingrett).

<sup>101</sup> Sjå Gröning, Frøseth, Gröning og Wandall s. 159 for tilsvarande syn.

<sup>102</sup> Syse (*TfS* 2006) s. 147 med vidare tilvising.

# 5 NOU 2014: 10

## 5.1 Oversikt over regelen

Tilregnelighetsutvalget foreslo i NOU 2014: 10 at strl. § 20 første ledd bokstav b skulle verte endra til «Den som retten anser for å ha vært psykotisk på handlingstiden eller i en tilstand som med hensyn til sviktende funksjonsevne, forstyrret tenkning og for øvrig manglende evne til å forstå sitt forhold til omverdenen, må likestilles med å være psykotisk, er ikke strafferettslig ansvarlig».<sup>103</sup>

Det er lagt til grunn i utgreiinga at den føreslegne utilreknelegregel byggjer på eit noko «modifisert medisinsk prinsipp». Grunnlaget for klassifiseringa er at lovforslaget skil skarpare mellom den medisinsk-faglege og den rettslege bedømming enn gjeldande psykosevilkår «og således mellom det medisinske og det rettslige psykosebegrepet (...)».<sup>104</sup>

I vurderinga av om retten ser lovbrutar for å ha vore «psykotisk», skal retten «på etisk og normativt grunnlag» gjere ei sjølvstendig vurdering av om dei psykotiske symptoma som er påvist «er tunge nok til at lovbrøyteren var psykotisk i rettslig forstand».<sup>105</sup> Dette kan tolkast som eit uttrykk for den vurdering av psykosevilkåret som alt bør verte gjort etter gjeldande rett, noko praksis syner at ikkje alltid er tilfelle.<sup>106</sup>

## 5.2 Treffsikkerheit

Spørsmålet er om lovforslaget i NOU-en treffer dei som bør verte rekna å mangle skuldevne, og om denne i større grad enn strl. § 20 første ledd bokstav b gjev uttrykk for ei adekvat avgrensing av utilreknelege. Først skal det verte vurdert om forslaget treffer for vidt, og deretter om det treffer for snevert – vurdert opp mot gjeldande psykoseregel.

Gjeldande psykosevilkår treffer i prinsippet ikkje for vidt, men regelen vert nokre gonger praktisert feil.<sup>107</sup> Når NOU-en beheld «psykotisk» som vilkår i lovteksten, avdempar ikkje dette problemet. Likevel syner den føreslegne lovteksten i sin heilskap kva som er meint med

---

<sup>103</sup> For lovendringsforslaget i sin heilskap sjå NOU 2014: 10 s. 138.

<sup>104</sup> Uttala i NOU 2014: 10 s. 24.

<sup>105</sup> NOU 2014: 10 s. 138.

<sup>106</sup> Sjø pkt. 4.2 i oppgåva.

<sup>107</sup> Er utdjupa i oppgåva pkt. 4.2.

å vere psykotisk. Dei likestilte tilstandar gjev nemlig uttrykk for essensen i dei psykiske lidingar som har ein slik innverknad på sinnet at det vil kunne påverke skuldevna. Lovbrytarar med svikt i funksjonsevne, forstyrra tenking og manglande evne til å forstå omverda, er psykotiske. Med dette får òg kravet til symptomtyngd forankring i lovteksten. Dermed kan det verte sagt at problemet med at strl. § 20 treffer for vidt vert avdempa med lovforslaget.

Vidare er det berre dei psykotiske som fell under strl. § 20 første ledd bokstav b etter gjeldande rett, andre tilstandar kan ha ei slik innverknad på individet at dei bør likestillast. Når lovforslaget inneber at likestilte tilstandar kan vere ansvarsfriande, avdempar dette klart problemet med at strl. § 20 treffer for snevert.

Straffeloven 1902 i si opphavelige form erkjente at visse andre tilstandar enn dei «sindssyk(e)» kunne vere relevant for utilreknelegheit.<sup>108</sup> Ein kuriositet er at alle lovendringsforslag sidan dette vart tatt bort i 1929, har innehalde forslag om ansvarsfridom for andre tilstandar enn dei sinnsjuka eller psykotiske.<sup>109</sup> Dette har aldri vorte vedtatt som lov. Eit spørsmål som vanskeleg kan svarast på, er om dette viser at ein ikkje har tatt tilstrekkeleg inn over seg kva tilstandar som kan påverke skuldevna på ein slik måte at det bør vere ansvarsfriande.

### 5.3 Adekvat rollefordeling?

Den føreslegne lovteksten nyttar framleis det tvitydige omgrepet «psykotisk». Slik sett vil ikkje lovendringsforslaget bøte på problemet strl. § 20 første ledd bokstav b skapar ved å så forvirring om omgrepet med både eit rettsleg- og medisinsk meiningsinnhald.

Likevel set heller ikkje gjeldande lovføresegn skrankar for dei sakkunnige sin påverknad,<sup>110</sup> det gjer den føreslegne lovtekst ved å nytte «*den som retten anser for å vere psykotisk*» (min kursiv). Dette tydeleggjer at dette er ei rettsleg vurdering, som retten sjølvstendig skal ta stilling til. Forslaget er slik betre egna til å syne rollefordelinga mellom domstol og sakkunnige enn gjeldande rett.

---

<sup>108</sup> Jf. ordlyden «utilregnelig paa grund af mangelfuld udvikling af sjæslevnerne eller svækkelse eller sygelig forstyrrelse av disse» i strl. 1902 sin opphavelige versjon.

<sup>109</sup> Sjå lovforslag i NOU 1974: 17 s. 149, Ot.prp. nr. 87 (1993–1994) s. 11 og Ot.prp. nr. 90 (2003–2004) s. 222 til 226.

<sup>110</sup> Vist i oppgåva pkt. 4.3.

Ettersom det er tale om ein rettsregel, verkar ordlyden «den som retten anser» likevel unødvendig. Dersom psykosevilkåret vert fjerna i det heile, vil ikkje problemet med forvirring om domstolen og sakkunnige si rolle vere eit like stort problem. At presiseringa er unødvendig, er illustrert av Jerkø i det at regelen står fram «mer som en konstatering av hvordan en rettsregel praktiseres, enn som en egentlig norm. Det er et faktum at den som retten anser for å ha drept en annen, straffes med fengsel, jf. strl. § 275, men bestemmelsen sier ikke dette. Den sier at den som dreper en annen, straffes med fengsel. Rettsreglene knytter normalt virkning til faktiske forhold, ikke til vår oppfatning om slike».<sup>111</sup>

Ei innvending mot det siterte er at når det kjem til drapsparagrafen i strl. § 275 har det aldri vore eit problem at domstolen lener seg på sakkunnige. Moglegvis krev ei drapssak sakkunnige si vurdering av dødsårsak eller liknande. Likevel er det vanskeleg å tenkje seg at ei slik vurdering skal verke inn på rettens rettslege vurdering av vilkåra for straff i strl. § 275. Det er difor heller ikkje naudsynt med ei presisering om domstolen si rolle i denne.

## 5.4 Førehandsvise

Forslaget innehar krav til symptomtyngd. Dette bøter på problemet med feilaktig praktisering av dagens psykoseregel, mellom anna fordi regelen vert klarare utforma. Vidare kan domstolen ved praktisering av den føreslegne regel nytte gjeldande praksis rundt dagens psykosevilkår, som er positivt for førehandsvissa.

Ordlyden «den som retten anser» tilseier ved første augekast ei rimeleg stor svekking av førehandsvissa, sett i lys av gjeldande rett. Den reiser spørsmål om kva som skal ligge til grunn for at retten ser lovbrytar som psykotisk. Er det korleis personen ser ut, kva han ytrar, eller kva antrekk han har valt for rettsmøtet? Med andre ord at dommaren kan synse, slik at berre fantasien set grenser.

Likevel er dette meint å vere ei klarlegging av det som allereie er gjeldande rett – det er retten som endeleg skal avgjere spørsmål om tilreknelegheit.<sup>112</sup> Dette kan ein òg lese av ordlyden «må likestilles med å være psykotisk» sett i samanheng med momenta for denne tilstand. Dersom retten skal komme til at lovbrytar går ansvarsfri, må denne ha sviktande funksjonsevne, forstyrra tenking eller manglande evne til å forstå sitt forhold til omverda.

---

<sup>111</sup> Jerkø (*TfR*, 2016) s. 285.

<sup>112</sup> NOU 2014: 10 s. 138.

På den andre sida inneber regelen eit noko større rom for skjønn enn gjeldande rett. Eit enkelt vilkår, «psykotisk», vert supplert med likestilte tilstandar. Det ligg i dette at det må verte gjort ei nærare vurdering av lovbyrtars psykiske tilstand, basert på momenta stilt opp i lovforslaget. Ved fleire vurderingstema er utfallet òg meir usikkert. Som vi skal sjå står NOU 2014: 10 på dette punkt i ei mellomstilling mellom gjeldande rett og Prop. 154 L (2016–2017).

## 5.5 Stigmatisering

Tilsvarande som etter gjeldande lovregel vil det å bruke «psykotisk» kunne signalisere at dei med psykotiske grunnlidingar generelt er utan evne til forsvarleg handlemåte. Til skilnad frå gjeldande rett konkretiserer forslaget kriteriet for å verte rekna ansvarsfriande psykisk sjuk gjennom dei likestilte tilstandar som kjem til uttrykk i lovføresegna. Dette syner at lovbyrtar må vere svært sjuk for at regelen skal omfatte denne, og skilnaden mellom «det å ha en sykdomsdiagnose og det å ha så stor funksjonssvikt at man er strafferettslig utilregnelig» vert tydeleggjort.<sup>113</sup> Oppmjukinga av det medisinske prinsipp avdempar på denne måten problemet strl. § 20 skapar med at andre personar med psykiske lidingar, som er tilreknelege, vert trefte av regelen.

Likevel er ikkje problemet med stigma fjerna i sin heilskap. Dette er fordi lovteksten ikkje gjer det opplagt for lekmenn at ei psykosedidiagnose, utanfor dei likestilte tilfelle, ikkje er tilstrekkeleg til å vere omfatta av regelen. Det er difor mogleg ein treng å gå enno lenger vekk frå det medisinske prinsipp, som Prop. 154 L (2016–2017) har gjort.<sup>114</sup>

---

<sup>113</sup> Gröning, Frøseth, Gröning og Wandall (2016) s. 159.

<sup>114</sup> Dette vil verte utdjupa i oppgåva pkt. 6.5.

# 6 Prop. 154 L (2016–2017)

## 6.1 Oversikt over regelen

Prop. 154 L (2016–2017) fremja forslag om å endre strl. § 20 første ledd bokstav b til ei konkret vurdering av om lovbrutar er «utilregnelig på grunn av alvorlig sinnslidelse». I vurderinga av utilreknelegheit skal «graden av svikt i virkelighetsforståelse og funksjonsevne» verte vektlagd jf. lovføresenga sitt tredje ledd.<sup>115</sup>

Med omsyn til regelmodell er lovendringsforslaget utslag av eit «modifisert blandet prinsipp». <sup>116</sup> Grunnlaget for at regelen no byggjer på ein anna regelmodell, er at det enkle tilstandskriteriet «psykotisk» vert endra til eit grunnvilkår om «alvorlig sinnslidelse» og eit avgrensande vilkår om «utilregnelig». Dette føreset ei kopling mellom sinnstilstand og utilreknelegheit. I tillegg inneber regelen større grad av skjønn frå domstolen.<sup>117</sup>

Det er to vilkår i den føreslegne regel, «alvorlig sinnslidelse» og «utilregnelig på grunn av» denne sinnslidinga.<sup>118</sup> Ordlyden «sinnslidelse» tilseier i likskap med «psykotisk» at det er tale om ei psykisk lidning. Bruken av «alvorlig» syner at det er ein høg terskel for å verte rekna ansvarsfriande sinnslindande etter lovføresegna. Vilkåret er vidt, noko som gjer at ei rekke psykiske sjukdommar vil vere omfatta.

Kjernen for å verte sett utilrekneleg etter alternativ a) er ein «massiv sykdom på sinnet», men òg andre tilstandar enn aktive psykosar er meint å falle inn under ordlyden.<sup>119</sup> Omgrepet «massiv» er noko meir enn «alvorlig». På denne måten får proposisjonen fram at det skal mindre til for å verte rekna alvorleg sinnslidande om lovbrutar har ein massiv sjukdom på sinnet. Ein psykose vil truleg vere ein slik massiv sjukdom. Dersom det er tale om andre tilstandar enn psykosar beveger ein seg vekk frå kjernen av lovføresegna, og det skal meir til for å rekne vedkommande til å ha ei ansvarsfriande psykisk lidning.

---

<sup>115</sup> For endring av lovføresegna i sin heilskap sjå Prop. 154 L (2016–2017) s. 236.

<sup>116</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 7.

<sup>117</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 13. Sjå utdjujing om skjønn under pkt. 6.4 i oppgåva.

<sup>118</sup> Om «på grunn av» sjå oppgåva pkt. 6.2.

<sup>119</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 229.



Vilkåret «alvorlig sinnslidelse» er nytta i psykisk helsevernlov §§ 3-3 første ledd nr. 3 og 4 A-2.<sup>120</sup> Av førearbeida til phvl. § 3-3 går det fram at alvorleg sinnsliding er nær knytt til psykosar, men at vilkåret ikkje er avgrensa til dette då andre psykiske lidingar kan kvalifisere til tvungen psykisk helsevern. Ved grensetilfelle vil spørsmålet verte avgjord etter ei heilskapsvurdering.<sup>121</sup>

I tilknytning til endringsforslaget uttalar departementet at «andre tilstander enn aktive psykoser bør omfattes av lovens hovedvilkår, i likhet med reguleringen i psykisk helsevernloven (...) grensetilfeller [bør] baseres på en helhetsvurdering».<sup>122</sup> Det er dermed meininga å forstå regelen om alvorleg sinnsliding på same måte som phvl. § 3-3 på desse punkt.

Vidare til vilkåret «utilregnelig». Ei naturleg språkleg forståing av vilkåret tilseier at det er tale om ein lovbrytar som ikkje kan verte klandra for det denne har gjort – han manglar skuldevne. Det er uttala i proposisjonen at regelen må verte utforma slik at den best mogleg treffer dei som etter grunngjevinga for straff ikkje bør vere ansvarlig. Å identifisere dei som ikkje kan klandrast.<sup>123</sup>

I vurderinga av om lovbrytar er utilrekneleg skal «graden av svikt i virkelighetsforståelse og funksjonsevne» verte vektlagt. Ei språkleg forståing av desse momenta samla tilseier at det gjeld eit krav om symptomtyngd. Denne tolkinga har støtte i proposisjonen.<sup>124</sup>

Ordlydstolking av momentet «svikt i virkelighetsforståelse» tilseier at lovbrytars syn på verkelegheita er annleis enn slik andre ser verda, og at dette inneber ein svikt i denne si vurdering av korleis verkelegheita fungerer. Bruk av «graden av» impliserer at di større denne svikten er, di mindre skal det til for å rekne lovbrytar som utilrekneleg.

Momentet «svikt i funksjonsevne» kan naturleg verte forstått som skade eller avvik fysisk på kroppen, eller som skade eller avvik i lovbrytars psyke. Tolkar ein momentet i konteksten det er oppstilt, tilseier dette skade eller avvik i lovbrytars psyke, og ikkje nedsett funksjonsevne på grunn av manglande rørsleevne og liknande.

---

<sup>120</sup> Psykisk helsevernlov (phvl.) – lov 2. juli 1999 nr. 62.

<sup>121</sup> Ot.prp. nr. 11 (1998–1999) s. 154 under merknadar til § 3-3.

<sup>122</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 66.

<sup>123</sup> Prop. 154 L (2016–2017) nedst på s. 13.

<sup>124</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 229.

Dei to momenta er vidare rettleiande for vurderinga av utilreknelegheit i andre ledd. Eit spørsmål som då reiser seg, er korleis dei ulike momenta skal vektleggjast, og i kva grad berre ein type svikt er tilstrekkeleg for å verte rekna utilrekneleg.

I lovendringsforslaget går det fram «[det kan] tenkes at personen anses utilregnelig selv om bare ett av momentene er til stede (...)».<sup>125</sup> For å konkretisere denne fråsegna viser departementet til «der en utviklingshemmet har stor funksjonssvikt, men det ikke foreligger realitetsbrist». Dette dømet passar betre inn i alternativet «høygradig psykisk utviklingshemmet» etter bokstav c.<sup>126</sup> Sitatet gjev dermed ikkje rettleiing for om dette er tilfelle for vurderinga av utilreknelegheit ved alvorleg sinnsliding.

Meir interessant vert fråsegna om at «[d]et behøver således ikke å være nok å ha en vrangforestilling», etter å ha vist til kva nedsett funksjonsevne inneber.<sup>127</sup> Det naturlege utgangspunkt er at lovbytar minst må ha sviktande forståing av verkelegheita for å verte rekna utilrekneleg. Vidare er det uttala at «[d]en grunnleggende realitetsbristen bør være avgjørende, og i slike tilfeller vil det ofte også foreligge manglende funksjonsevne».<sup>128</sup> Fråsegna lese isolert indikerer at ein person ikkje er å rekne «utilregnelig på grunn av (...) alvorlig sinnslidelse» dersom han ikkje har sviktande forståing av verkelegheita, men berre svikt i funksjonsevna. Det siste momentet vert då eit tilleggsmoment i vurderinga.

Proposisjonen peiker likevel på at ein ikkje vil «utelukke at også en tilsynelatende «partiell» psykose kan ha slike omfattende konsekvenser».<sup>129</sup> Dette tilseier at ein psykose som berre verkar inn på funksjonsevna òg kan vere tilstrekkeleg til å verte rekna utilrekneleg, dersom den er tilstrekkeleg omfattande.

Til sist føreset likevel regelen ei heilskapleg vurdering av den aktuelle sinnsliding og denne sin innverknad på gjerningspersonens skuldevne.

## 6.2 Treffsikkerheit

---

<sup>125</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 69.

<sup>126</sup> Jf. lovforslaget i sin heilskap på side 236 i proposisjonen.

<sup>127</sup> Prop. 154 L (2016–2107) s. 69.

<sup>128</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 54.

<sup>129</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 54.

Etter lovforslaget vil «alvorlig sinnslidelse» omfatte tilstandar som er likestilt med psykosar.<sup>130</sup> Dette er positivt med omsyn til grunngevinga for ansvarsfridom. Det er psykosen sin innverknad på skuldevna som bør vere av betydning, ikkje kva medisinsk diagnose ein har. Problemet med at gjeldande psykoseregel er for snever vil følgeleg verte avdempa dersom proposisjonen går gjennom.

Spørsmålet som då reiser seg, er om lovendringsforslaget endrar ein regel som både er for vid og for snever, til ein regel som åleine er for vid. Ordlyden «alvorlig sinnslidelse» er nemleg veldig brei, den opnar for at domstolen kan nytte andre argument enn det som bør vere tilfelle etter grunngevinga for utilreknelegreglane. Når det vide omgrepet vert kombinert med ei skjønnsam vurdering får domstolen veldig stor handlefridom. Samtidig skal ikkje dei sakkunnige lenger uttale seg om det rettslege, berre det medisinske.<sup>131</sup> Ein konsekvens av dette er at det er domstolen som må sette standarden for når nokon har ei alvorleg sinnsliding, òg når lovbrytar fell utanfor og skal straffast. Ettersom domstolen må utarbeide ein standard for dette, kan konsekvensen verte ein periode med manglande førehandsvisse.<sup>132</sup>

Om ein einssidig ser på grunnvilkåret «alvorlig sinnslidelse», står regelen for den ansvarsfriande psykiske liding fram som for vid. Til skilnad frå gjeldande psykosevilkår, vil likevel ikkje «alvorlig sinnslidelse» stå åleine. Ved å nytte ordlyden «på grunn av» vert den tilstand av utilreknelegheit det er tale om kopla opp til lovføresegna sine alternativ i a-c. Tilstanden vil følgeleg ikkje vere tilstrekkeleg, lovbrytar må i tillegg vere utilrekneleg. Proposisjonen støttar opp tolkinga, men seier ikkje noko meir om forståinga av denne koplinga.<sup>133</sup>

Dette reiser spørsmålet om vilkåret «utilregnelig på grunn av» er ein sikringsventil, slik at den nye ansvarsfridomsregelen ikkje vert vidare enn den bør etter strafferetten si grunngeving.

Koplinga mellom utilreknelegheit og den psykiske liding gjer at ein kan plassere dei som er rekna å ha ein «alvorlig sinnslidelse» i to kategoriar. Dei som er alvorleg sinnslidande, men ikkje utilrekneleg, og dei som har ei alvorleg sinnsliding, og er utilrekneleg som følge av dette. Utilreknelege utan alvorleg sinnsliding må nødvendigvis falle under den føreslegne

---

<sup>130</sup> Sjå oppgåva pkt. 6.1.

<sup>131</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 83.

<sup>132</sup> Sjå nærare pkt. 6.4 i oppgåva.

<sup>133</sup> Sjå Prop. 154 L (2016–2017) s. 229 der det er sagt at grunnvilkåret i lovføresegna er at det ligg føre ein tilstand av utilreknelegheit etter bokstav a-c, og at lovbrytar i tillegg er «utilregnelig» som følge av dette.

regelens bokstav b eller c. Dersom det er mogleg å sondre mellom dei to førstnemnde kategoriane, vil koplinga innebere ei innsnevring. Om dette ikkje er tilfelle, vil det vere ein sikringsventil utan realitetsinnhald.

For å illustrere om det er mogleg å plassere alvorleg sinnslidande i to kategoriar er det føremålstenleg med to døme frå gjeldande rett. Ettersom det ikkje er eit krav til kopling mellom utilreknelegheit og tilstandskriteriet psykotisk i dag, har domstolen naturlegvis ikkje drøfta dette, men det kjem likevel fram indirekte.

Først til eit døme der det kan verte sagt at lovbrutar har ei alvorleg sinnsliding som førte til utilreknelegheit; Halloween-saka.<sup>134</sup> Bakgrunnen for saka var at ein mann på eit nachspiel etter ein halloween-fest kvinstakk to vener med kniv, ein til døde og ein slik at det førte til alvorlege skader. Deretter truga han ein tredje person med kniv. Tiltalte vart frikjent for tiltalen, men dømd til tvunge psykisk helsevern.

Dei sakkunnige kom til at lovbrutar hadde ei akutt schizofrenliknande diagnose, samt psykiske lidingar og åtferdsforstyrringar som hadde sitt grunnlag i bruk av cannabis. Tingretten konkluderte med at tiltalte på gjerningstidspunktet hadde ein psykose i strl. § 20 sin forstand, men dette vil vel òg verte kategorisert som ei alvorleg sinnsliding etter den føreslegne regel.

Retten kom til at psykosen var utslag av ei psykotisk grunnliding. Dette mellom anna fordi tiltalte hadde bisarre og spesielle psykosar på gjerningstidspunktet, noko som skilte seg frå hans vanlege personlegdom. I tillegg hadde han ingen moglegheit for kontroll over handlingane sine. Manglande moglegheit for kontroll må nødvendigvis innebere at tiltalte var utilrekneleg som følgje av den psykiske liding, jf. den føreslegne regel.

Til dømet der lovbrutar har ei alvorleg sinnsliding, men at dette ikkje gjer denne utilrekneleg; Forvaringsstraff for mindreårig-saka.<sup>135</sup> Ei 15 år gammal jente drap omsorgsarbeidaren sin gjennom kveling og knivstikking. Saka er den einaste som er komen til Høgsterett der ein mindreårig er dømd til forvaring etter unntaksregelen om forvaringsstraff for lovbrutar under

---

<sup>134</sup> TOSLO-2013-61523-1 (Oslo tingrett).

<sup>135</sup> Saksgang: TAHER-2015-13241 (Asker og Bærum tingrett), LB-2015-119615 (Borgarting lagmannsrett) og HR-2017-290-A.

18 år.<sup>136</sup> Tilreknelegheit var ikkje eit spørsmål i Høgsterett eller lagmannsretten, for dette må ein tilbake til tingretten der spørsmålet var oppe.

Dei sakkunnige vurderte tiltalte til å ha usosial åtferdsforstyrning, emosjonell ustabil personlegdomsforstyrning, blanda dissosiativ lidning, og posttraumatisk stresslidning. Dette vil truleg innebere ein «alvorlig sinnslidelse» jf. føreslegen regel. Jenta hørde stemmer, men dei sakkunnige kom til at det ikkje låg føre paranoid schizofreni eller andre psykosediagnosar; følgjeleg var tiltalte heller ikkje psykotisk.

Det vart uttala at stemmehøyring ikkje var ein del av ein realitetsbrest, men heller stress og indre monolog. Tiltalte hadde heller ikkje vrangførestillingar eller hallusinose av slik varigheit eller intensitet at det eventuelt saman med stemmehøyring var nok til psykosediagnose. Utfallet vart dermed straff etter gjeldande rett, og ville nok òg vore det etter den nye regelen ettersom jenta ikkje var utilrekneleg som følge av sinnslidinga.

Døma illustrerer at tilleggsvilkåret om «utilreknelig» inneber ei innsnevring av vilkåret «alvorlig sinnslidelse», slik at den føreslegne ansvarsfridomsregelen ikkje er så vid som første augekast tilseier. Med andre ord vert dei som manglar skuldevne treft av regelen. Dei syner òg at den nye lovføresegna ikkje nødvendigvis inneber noko veldig nyskapande på dette punkt. Når lovbrytar er psykotisk vil denne etter gjeldande rett indirekte vere utilrekneleg. Det nyskapande er regelens fleksibilitet. Lovføresegna kan nyttast slik at den åleine treffer dei som etter grunngjevinga for utilreknelegheit bør gå ansvarsfri. Likevel er det ikkje opplagt at regelen vil verte brukt på denne måten. Fleksibilitet tilseier nemleg skjønn.<sup>137</sup>

Eit ytterlegare poeng når det kjem til treffsikkerheit, omhandlar lovfesting av momentet «funksjonsevne». Når departementet seier at «[d]et kan være vanskelig for allmennheten å akseptere at en person som er relativt velfungerende og i stand til å planlegge og gjennomføre kompliserte lovbrudd, ikke straffes»,<sup>138</sup> er det nærliggande å dra den slutning at dei hadde Breivik i tankane.

Momentet kan verte forstått på ulike måtar, noko som reiser spørsmål om kva som skal leggjast til grunn i vurderinga. Det er godt mogleg Breivik hadde sviktande kognitive evner

---

<sup>136</sup> Etter strl. § 40 første ledd siste punktum.

<sup>137</sup> Dette vert utdjupa under pkt. 6.4 i oppgåva.

<sup>138</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 13.

på den måten at han ikkje kunne skilje rett frå gale, men han hadde evne til å planlegge. På same tid fungerte han dårleg sosialt, då han trekte seg tilbake frå omverda.

Proposisjonen viser sjølv til at funksjonsevne omfatte både «dagligdags, sosial og kognitiv funksjon».<sup>139</sup> At kognitive evner er av relevans for vurderinga kan verte grunngeve med at svikt i evna til å skilje rett frå galt kan føre til manglande skuldevne. Dette kan likevel ikkje grunnge kvifor daglegdags og sosial funksjon skal vere av vekt i ei vurdering av utilrekelegheit. Har eigentleg det at ein lovbrytar ikkje klarer å gå på butikken eller delta i fritidsaktivitetar noko innverknad på ein person si skuldevne? Proposisjonen gjev ikkje klare svar på dette.

### 6.3 Adekvat rollefordeling?

Tilregnelighetsutvalget si anbefaling når det kjem til psykoseomgrepet er at dette bør verte halde ved i lovteksten, då dette er «det viktigste hjelpemiddel for retten når den skal ta stilling til om gjerningsmannen rettslig sett var psykotisk på handlingstidspunktet».<sup>140</sup> Departementet er ikkje samd i dette, mellom anna fordi ein ikkje-medisinsk term er betre egna til å skilje mellom juss og psykiatri, som er eitt av føremåla lovendringa tar sikte på.<sup>141</sup> Denne usemja aktualiserer ei vurdering av om proposisjonen si utforming av utilrekelegheitsregelen er betre egna til å syne rollefordelinga enn dagens psykosevilkår.

Vilkåret «psykotisk» kan føre til forvirring om skiljet mellom medisinsk og rettsleg forståing av omgrepet.<sup>142</sup> Ordlyden «alvorlig sinnslidelse» er ikkje medisinsk, men åleine ein rettsleg term. Lovforslaget vil slik sikre rollefordelinga mellom domstol og sakkunnige betre.

Det er ikkje berre endring av psykoseomgrepet som etter lovendringsforslaget vil bidra til å sikre ei adekvat rollefordeling. Heile lovteksten er i forslaget utforma slik at den legg opp til ei rettsleg vurdering. Rettspsykiateren kan til dømes ikkje uttale seg om lovbrytar er «utilregnelig» som følge av sinnslidinga. Vilkåret er åleine rettsleg, og domstolen må sjølvstendig vurdere vilkåret på bakgrunn av utgreiinga dei sakkunnige kjem med om vedkommande sin psykiske tilstand.

---

<sup>139</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 229.

<sup>140</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 55.

<sup>141</sup> Skiljet mellom juss og psykiatri nedst på s. 65 i Prop. 154 L (2016–2017), at dette er føremål med lovendring på s. 82.

<sup>142</sup> Sjå pkt. 4.3 i oppgåva.

Når proposisjonen tar steget frå det medisinske prinsipp til eit modifisert blanda prinsipp, vert noko av problematikken med skiljet mellom juss og psykiatri avdempa. Det er ikkje lenger vilkår i lovteksten som baserer seg på medisinske forståingar av omgrepa, og rollefordelinga mellom domstol og sakkunnige vert meir adekvat sikra. Dette kan tilsei at for å sikre ei adekvat rollefordeling mellom domstol og sakkunnige i tilstrekkeleg grad, er det naudsynnte skritt moglegvis å fjerne psykosevilkåret fullstendig.

## 6.4 Førehandsvisse

Regelen i forslaget inneber rom for skjønn, noko som er problematisk. Departementet sjølv viser til at likebehandling og rettstryggleik er skira, gjennom bruk av vilkåret om utilreknelegheit. Grunngevinga er at dette er rettsbruk som Høgsterett kan prøve fullt ut, og følgjeleg gjennom praksis utpensle kva tilstandar som må ligge føre før vilkåra for ansvarsfriande psykisk lidning er oppfylte. Dette er betre enn at dei sakkunnige opptrer som dommarar.<sup>143</sup>

Desse synspunkt bøter likevel ikkje på problemet med tid. Det tar tid før ei sak av prinsipiell betyding for spørsmålet kjem opp i Høgsterett, noko som den manglande rettspraksisen på psykoseområdet illustrerer.<sup>144</sup> Denne tidsperioden vil innebere manglande førehandsvisse, der tingrettane i første omgang vert dei som utpenslar kva tilstandar som utgjer dei ansvarsfriande psykiske lidingar. Dette utan dei liner som i dag ligg føre blant underrettsdomstolane for å rekne lovbrytar som psykotisk.<sup>145</sup>

Den historiske gjennomgangen viser at det har vore ytt motstand mot ein fakultativ regel for ansvarsfriande psykisk lidning, då ein slik regel ikkje i tilstrekkeleg grad set skrankar for dommaren sin tilgang til å skjønne.<sup>146</sup> Dette heng saman med dei historiske val av det medisinske prinsipp som nesten ekskluderer skjønn. Den føreslegne lovføresegna er ikkje ein fakultativ regel, ein «kan-regel», dersom vilkåra er oppfylt er lovbrytar «ikke strafferettslig ansvarlig».<sup>147</sup> Motstanden gjer det nærliggande å spørje om regelen opnar for like stor grad av skjønn som ein fakultativ regel gjer – eit (for) stort rom for skjønn.

---

<sup>143</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 13.

<sup>144</sup> Sjå pkt. 1.4 i oppgåva.

<sup>145</sup> Poengtert i oppgåva pkt. 4.4.

<sup>146</sup> Sjå oppgåva kap. 3.

<sup>147</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 236.

Regelen i proposisjonen inneber nemleg klart ei større grad av skjønn enn nogjeldande strl. § 20. Spørsmålet dommaren står ovanfor etter gjeldande rett er «var lovbrytar psykotisk på handlingstidspunktet». For å svare på dette spørsmålet får retten avgjerande hjelp av dei rettspsykiatrisk sakkunnige. Om den føreslegne regel går gjennom står dommaren overfor spørsmål om lovbrytar hadde 1) ein «alvorlig sinnslidelse» og 2) om denne var «utilregnelig som følge» av dette, her òg vurdering av momenta i tredje ledd. Desse vilkåra inneber skjønnsame vurderingar der domstolen ikkje kan lene seg på dei sakkunnige sine erklæringar åleine. Særleg vilkåret «utilregnelig som følge» opnar for rom til å skjønne. Her skal domstolen vurdere om lovbrytar manglar skuldevne. I proposisjonen uttalar departementet «[s]pråklig sett er det naturleg at utilregnelighetsbegrepet i annet ledd forbeholdes tilstander der domstolen i større grad utøver skjønn».<sup>148</sup>

Ein regel som er så skjønnsam kan opne for skilnadshandsaming. Skjønn opnar for argument, og dette opnar for at typar argument som ikkje høyrer heime i ei vurdering av utilreknelegheit vert med. Til dømes kan ein tenke seg argument som kor alvorleg lovbrotet var, alder på lovbrytar, denne sitt kjønn, eller behov for oppfølging i psykiatrisk institusjon.

I følgje departementet vil det vide vilkåret «alvorlig sinnslidelse» verte snevra inn av vilkåret «utilregnelig»,<sup>149</sup> men ei vurdering av utilreknelegheit inneber òg bruk av skjønn. Det same gjer momenta «svikt i virkelighetsforståelse og funksjonsevne» – graden av psykiske svekkingar er ikkje noko ein kan sette opp tabellar for.

På den andre sida er det ei kjennsgjerning at rettsbruken i Norge baserer seg på å tolke ordlyden i lovføresegner sett i lys av førearbeida tilknytt desse. Dersom lovforslaget vert vedtatt er proposisjonen førearbeid til den føreslegne regel, følgjeleg må regelen verte tolka i lys av denne. Proposisjonen stiller opp skrankar for dommaren sitt skjønn. Mellom anna skal ikkje dyssosial personlegdomsforstyrning vere å rekne som «utilregnelig på grunn av alvorlig sinnslidelse».<sup>150</sup> Om straff eller sær-reaksjon er det mest føremålstenelege, vil vere utan betydning. Heller ikkje brotsverkets grovheit og kausalitet skal verte tillagd vekt.<sup>151</sup> Når Prop. 154 L (2016–2017) på denne måten set skrankar for bruken av skjønn, vert problemet med at argument som ikkje høyrer heime i vurderinga modifisert. Likevel stiller ikkje proposisjonen opp grenser for alle tenkelege argument. Utfallet i vurderinga av utilreknelegheit kan då verte

---

<sup>148</sup> Prop. 154 L (2016–2017) nedst på s. 228.

<sup>149</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 13.

<sup>150</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 13.

<sup>151</sup> Prop. 154 L (2016–2017) s. 68.



styrt av uvilje eller velvilje frå dommaren, utan at dette nødvendigvis er noko denne er klar over. Lovforslaget er følgjeleg det som svekker førehandsvissa i størst grad, vurdert opp mot gjeldande rett og NOU 2014: 10.

## **6.5 Stigmatisering**

Når «psykotisk» vert bytt med den reine rettslege termen «alvorlig sinnslidelse» vil ikkje regelen lenger kommunisere at dei med psykotiske grunnlidingar er utan evne til forsvarleg handlemåte.

Den føreslegne lovføresegna i sin heilskap konkretiserer vidare kva som er meint med «alvorlig sinnslidelse». Det er ikkje tilstrekkeleg med ein alvorleg psykisk sjukdom. Lovbrytar må i tillegg vere utilrekkneleg, og i dette ha sviktande forståing av verkelegheita og funksjonsevna. Regelen er følgjeleg ikkje egna til å gje inntrykk av at andre psykisk sjuke enn dei som er svært sjuke, er omfatta av regelen.

Problematikken med stigmatisering av dei med psykiske lidingar vert følgjeleg fjerna i sin heilskap, til skilnad frå det som går fram av strl. § 20 og lovforslaget i NOU 2014: 10.

## 7 Avsluttande rettspolitisk diskusjon

Etter mi meining har departementet grundig tatt føre seg kritikken ytt mot strl. § 20 første ledd bokstav b,<sup>152</sup> og utforma eit lovendringsforslag som søker å tilfredsstillere denne. Gjeldande rett gjev nemleg ikkje ei adekvat avgrensing av utilreknelegheit ved psykisk sjukdom.

Det er ein realitet i at strl. § 20 første ledd bokstav b både er for vid og for snever. For vid ettersom regelen nokre gonger vert praktisert feil, for snever fordi likestilte tilstandar ikkje kan føre til ansvarsfridom. Følgjeleg er ikkje *treffsikkerheita* til regelen optimal for avgrensinga av utilreknelegheit ved psykisk sjukdom. NOU 2014: 10 føreslår ei lovføresegn som inneber meir treffsikkerheit enn kva gjeldande strl. § 20 gjer. Dette lovforslaget hadde ført til at den ansvarsfriande utilreknelegheit ville dreia seg bort frå dei psykotiske åleine.

Likevel er Prop. 154 L (2016–2017) mogleg det alternativet som i størst grad adekvat treffer dei som etter strafferetten si grunngjeving bør gå fri, dei utan skuldevne. Mykje grunna regelens fleksibilitet. Sjølv om «alvorlig sinnslidelse» er vidt, er vilkåret «utilregnelig på grunn av» ein sikringsventil eller eit tilleggsvilkår som gjer at regelen ikkje vert så vid at den femner om lovbrytarar som ikkje bør gå fri for ansvar. Grunngjevinga for ansvarsfriing gjeldande den utilreknelege ligg alt bak strl. § 20, men får etter lovforslaget eit klarare uttrykk ved å verte eit eige vilkår i lovteksten.

Psykosevilkåret i strl. § 20 er vidare dårleg egna til å sikre ei *adekvat rollefordeling*, rettsmedisinske sakkunnige har etter gjeldande rett for stor påverknad på domstolen si vurdering av om lovbrytar var «psykotisk». Dette kan dels skulde forvirring rundt at psykose både er ein medisinsk og ein rettsleg term – med ulikt innhald, men òg at regelen i seg sjølv ikkje stenger for den problematiske rollefordelinga. På den andre sida syner Rt. 1979 s. 143 at domstolen skal gjere ei sjølvstendig vurdering. Likevel, når underrettsdomstolane lener seg på dei sakkunnige, avdempar dette ikkje problemet.

Her tilbyr NOU 2014: 10 ei betring samanlikna med gjeldande rett, då lovforslaget i større grad er egna til å syne rollefordelinga mellom domstol og sakkunnige. Kanskje på eit unødvendig vis, ved å fasthalde psykosevilkåret med presisering om at «den som retten anser». Til slutt er utilreknelegregelen nettopp ein rettsregel, det bør ikkje vere naudsynt å

---

<sup>152</sup> Presentert innleiingsvis i pkt. 1.1.

presisere i lovteksten. Proposisjonen vel løysinga med å kutte ut psykosevilkåret, til fordel for ei skjønnsam vurdering. På denne måten treng det ikkje verte sagt at det skal vere opp til retten å avgjere spørsmålet. Dette ligg implisitt i at lovteksten ikkje nyttar seg av omgrep som òg har medisinsk meiningsinnhald.

Likevel går Prop. 154 L (2016–2017) si løysing på kostnad av *førehandsvissa*. Sjølv om dagens psykosevilkår kan gje eit missvisande inntrykk av kva som ligg til grunn for å verte rekna utilrekeleg som følgje av tilstanden, opnar proposisjonen for stor grad av skjønn. Det vert i første omgang opp til underrettsdomstolane å utpense kva tilstandar som skal vere å rekne som ansvarsfriande, og dette tar tid. Tidsaspektet er òg problematisk med tanke på prejudikat frå Høgsterett. Det er svært usikkert kor lang tid det vil ta før ein får slike avgjersler på området. Vidare vil det vere lite tilfredsstillande å ha ein regel som gjer at domstolen kan komme til det resultat dei ynskjer. Her står NOU-en i ei mellomstilling, men tettare opp mot gjeldande rett med høve til skjønn enn det proposisjonen føreslår.

Gjeldande rett kan verke *stigmatiserande* på dei mange med psykiske lidingar som har si skuldevne i behald. NOU 2014: 10 er betre egna til å unngå stigmatiseringsproblematikken, då kva som skal til for å verte rekna «psykotisk» i større grad er konkretisert. Prop. 154 L (2016–2017) tar steget vidare og fjernar psykosevilkåret, i tillegg syner regelen kor alvorleg sjuk ein må vere for å verte rekna utilrekeleg. Det siste lovendringsforslag fjernar følgjeleg problemet med stigma i sin heilskap.

Synspunkta samla viser at det å gje ei adekvat avgrensing av utilrekelegheit ved psykisk sjukdom, vanskeleg fullstendig oppfyller både treffsikkerheit, rollefordeling, førehandsvisse og å unngå stigmatisering. For å oppfylle eit omsyn ser det difor ut til at ein må kompromittere ein annan stad. Samtidig er det ikkje slik at alle omsyn står i spenningsforhold til kvarandre. Til dømes er det mogleg å unngå stigmatisering utan at det går på tvers av andre omsyn.

Gjeldande rett og dei føreslegne reglar syner spesielt at det kan verke vanskeleg å ivareta treffsikkerheit og førehandsvisse på same tid. For at regelen skal vere tilstrekkeleg treffsikker, er det difor kanskje naudsynt å ivareta førehandsvissa på andre måtar enn gjennom ordlyden.

Det beste alternativet er moglegvis å sikre ei grunnleggjande forståing av korleis ulike psykiske lidingar verkar inn på sinnet, til dømes ved å utvikle retningsliner for domstolane

som ikkje er nedfelt i lov. Eit anna alternativ er å lovfeste kravet til symptomtyngd meir konkret, for å unngå problematikken med skjønn. Eg har ingen opplagd tanke om korleis problema ved utforminga av regelen skal løysast, men er av den oppfatning at det *er* behov for tydelege retningsliner både for retten og dei rettspsykiatrisk sakkunnige.

Innvendingane mot gjeldande rett er velgrunna, og det er behov for å endre utforminga av strl. § 20 første ledd bokstav b. No står det att å sjå om Prop. 154 L (2016–2017) går gjennom, eller om den endar i ei skuffe – saman med NOU 2014: 10. Sjølv om forslaget ikkje fører til lovendring, vil proposisjonen verte ein del av debatten om utforming av den ansvarsfriande psykiske lidning. Det er rimeleg sikkert at denne debatten ikkje tar slutt med det første, lovendring eller ei.

# 8 Kjelde- og litteraturliste

## 8.1 Kjeldeliste

### 8.1.1 Lover

Kriminalloven 1842 (kriminalloven)	Lov angaaende Forbrydelser af 20de August 1842.
Straffeloven 1902 (strl. eller strl. 1902)	Almindelig borgerlig Straffelov 22. mai 1902 nr. 10.
Endringslov 1997	Lov 17. januar 1997 nr. 11 om endring i straffeloven m.v. – strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner.
Straffeprosessloven (strpl.)	Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker.
Psykisk helsevernlov (phvl.)	Lov 2. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern
Straffeloven 2005 (strl. eller strl.2005)	Lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff.

### 8.1.2 Førearbeid

#### 8.1.2.1 Norges offentlege utgreiingar: NOU

NOU 1974: 17	Strafferettslig utilregnelighet og strafferettslige særreaksjoner.
NOU 1990: 5	Strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner – Straffelovkommisjonens delutredning IV.
NOU 2014: 10	Skyldevne, sakkyndighet og samfunnsvern.

### *8.1.2.2 Norske proposisjonar*

Ot.prp. nr. 87 (1993–1994)	Om lov om endringer i straffeloven mv. (strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner).
Ot.prp. nr. 11 (1998–1999)	Om lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykiatriloven).
Ot.prp. nr. 90 (2003–2004)	Om lov om straff (straffeloven).
Prop. 122 L (2014–2015)	Om endring i straffeloven 2005 mv. (strafferettslige særreaksjoner m.m.)
Prop. 154 L (2016–2017)	Om endringer i straffeloven og straffeprosessloven mv. (skyldevne, samfunnsvern og sakkyndighet).

## **8.1.3 Rettspraksis**

### *8.1.3.1 Høgsterett*

Rt. 1979 s. 143

Rt. 2008 s. 549

HR-2017-745-U

HR-2017-290-A (Forvaringsstraff for mindreårig)

### *8.1.3.2 Lagmannsrett*

LB-2015-144043 (Borgarting lagmannsrett)

LB-2015-119615 (Forvaringsstraff for mindreårig, Borgarting lagmannsrett)

LB-2016-136208 (Borgarting lagmannsrett)

LB-2016-10409-1 (Borgarting lagmannsrett)

LB-2016-204932 (Borgarting lagmannsrett)

LA-2016-135889 (Agder lagmannsrett)

LG-2016-92047 (Gulating lagmannsrett)

### 8.1.3.3 Tingrett

RG 2012 s. 1153 (22. juli-saka, Oslo tingrett)

TOSLO-2013-61523-1 (Halloween-saka, Oslo tingrett)

TAHER-2015-13241 (Forvaringsstraff for mindreårig, Asker og Bærum tingrett)

TKISA-2017-90977 (Kristiansand tingrett)

TOSLO-2016-135588 (Oslo tingrett)

## 8.2 Litteraturliste

- |                 |   |
|-----------------|---|
| Andenæs (2004)  | Andenæs, Johs, ved Magnus Matningsdal og Georg Fredrik Rieber-Mohn, <i>Alminnelig strafferett</i> , 5. utgåve (Oslo 2004).                                    |
| Andenæs (2016)  | Andenæs, Johs, ved Magnus Matningsdal og Georg Fredrik Rieber-Mohn, <i>Alminnelig strafferett</i> , 6. utgåve (Oslo 2016).                                    |
| Sales og Kahle  | Sales, Bruce Dennis og Lynn R. Kahle «Law and Attitudes Toward the Mentally Ill», <i>International Journal of Law and Psychiatry</i> , vol 3/1980 s. 391–403. |
| Eskeland (2015) | Eskeland, Ståle, <i>Strafferett</i> , 4. utgåve (Oslo 2015).  |

- Gröning, Frøseth, Gröning og Wandall (2016) Gröning, Linda «Er de norske utilregnelighetsreglene i strid med rettsfølelsen?» s. 137–165 i Frøseth, Anne Marie, Linda Gröning og Rasmus H. Wandall (red.), *Rettsfølelsen i strafferettssystemet – perspektiver fra teori og praksis*, (Oslo 2016).
- Gröning, Husabø og Jacobsen (2016) Gröning, Linda, Erling Johannes Husabø og Jørn Jacobsen, *Frihet, forbrytelse og straff – en systematisk fremstilling av norsk strafferett* (Bergen 2016).
- Gröning (vedlegg 1) Gröning, Linda «Tilregnelighet og utilregnelighet: Begreper og regler», *vedlegg 1 til NOU 2014: 10* s. 404–429.
- Jerkø (TfR 2016) Jerkø, Markus «Utilregnelighet på gjengrodde stier – analytiske refleksjoner om formuleringen og praktiseringen av rettens utilregnelighetsvilkår», *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, nr.02–03/2016 s. 266–300.
- Kjelby (TfS 2014) Kjelby, Gert Johan, «En rettspolitisk vurdering av straffansvaret for alvorlig sinnslidende i norsk rett», *Tidsskrift for strafferett* nr.03/2014 s. 262–282.
- Klausen og Hagen Klausen, Vegard og Roger Hagen, «Kognitiv adferdsterapi ved psykose», *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, nr.5/2008 s. 545–554.
- Kvig og Nilssen Kvig, Erling Inge og Steinar Nilssen, «Epistemologi og psykiatriske diagnoser:



- nødvendigheten av en fenomenologisk forståelse av psykotisk bevissthet», *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, nr.9/2014 s. 729–737.
- Mæland (2004) Mæland, Henry Johan, *Innføring i alminnelig strafferett*, 3. utgåve (Bergen 2004).
- Nygaard (2004) Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve (Bergen 2004).
- Rosenqvist (NNT 2012) Rosenqvist, Randi, «Er det utilregnelighetsregelen det er noe galt ved?», *Nytt Norsk Tidsskrift* nr.4/2012 s. 349–360.
- Rosenqvist (TfS 2012) Rosenqvist, Randi, «Rettspsykiatri etter Breivik-saken», *Tidsskrift for strafferett*, nr.03/2012 s. 323–328.
- Skålevåg (2016) Skålevåg, Svein Atle, *Utilregnelighet: en historie om rett og medisin* (Oslo 2016).
- Syse (TfS 2006) Syse, Aslak «Strafferettslig (u)tilregnelighet – juridiske, moralske og faglige dilemmaer», *Tidsskrift for strafferett*, nr. 03/2006 s. 141–175.